

HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Formannskapet
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 29.09.2015
Tid: 13:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellessekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Fosnavåg, 22.09.2015

Arnulf Goksøyr
ordfører

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 172/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 173/15	Protokoll frå førre møte
PS 174/15	Referatsaker
PS 175/15	Herøy Vasslag BA - Søknad om kommunal lånegaranti stort NOK 30,0 mill kr. Presisering av lånevilkår.
PS 176/15	Økonomisk avslutning av prosjektnr. 51310 Uteområde øvre Fosnavåg
PS 177/15	Selskapskontroll.
PS 178/15	Budsjettkontroll per 31.08.2015
PS 179/15	Leikanger skule - tilbygg 2016 - omdisponering av investeringsmidlar
	Referatsaker
RS 50/15	Melding om vedtak. Endringar på eigarsida - Dragsundbygg IKS.

PS 172/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 173/15 Protokoll frå førre møte

PS 174/15 Referatsaker



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2015/707
		Arkiv:	256

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
175/15	Formannskapet	29.09.2015
	Kommunestyret	22.10.2015

HERØY VASSLAG SA - SØKNAD OM KOMMUNAL LÅNEGARANTI STOR NOK 30,0 MILL KRONER. PRESISERING AV LÅNEVILKÅR

Tilråding:

1. Herøy kommune yter ein kommunal lånegaranti – sjølvskuldskausjon – på inntil NOK 30,0 mill + 10% til Herøy Vasslag SA.
2. Garantiansvaret vert redusert i takt med nedbetalinga på lånet og opphøyrer etter 38 år med tillegg av inntil 2 år, jfr. garantiforskrifta § 3.
3. Garantien vert gitt under føresetnad av Fylkesmannen si godkjenning.

Særutskrift:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde
- Vest kontroll IKS
- Søre Sunnmøre kommunerevisjon
- Herøy Vasslag SA, Kvithaugsmyra 71, 6092 Fosnavåg
- Økonomiavdelinga, her

Vedlegg:

- Brev frå fylkesmannen datert 13.07.2015
- Oversikt investeringar

Saksopplysningar:

I K-ak 80/15 datert 25.06.2015 vedtok Herøy kommune å yte ein lånegaranti på NOK 30,0 mill kr til Herøy Vasslag BA. Eit av vilkåra i vedtaket var at Fylkesmannen måtte godkjenne garantien.

I eit brev datert 13.07.2015 ynskjer Fylkesmannen slike presieringar i vedtaket:

- Kva type garanti kommunen ynskjer å stille overfor Herøy Vasslag BA.
- Tidsavgrensing av garantien i tråd med § 3 i forskrift om kommunale garantiar.

For at Fylkesmannen skal kunne godkjenne garantien må ein difor legge fram ny sak for politisk handsaming med slikt framlegg til vedtak at punkta ovanfor vert ivaretatt.

I tillegg til ovannemnde ville Fylkesmannen også ha ei oversikt over investeringane som Herøy Vasslag SA skal/har finansiert. Dette for at det ska vere nokolunde samsvar mellom investeringane si levetid og avdragstida på lånet. Etter det ein kan sjå av vedlagte oppsett er dette samsvaret reelt sjølv om ein del av prosjekta vart bygt for 2-5 år sidan og at ein nytta ein driftskreditt i Sparebanken Møre som finansieringskjelde.

Opprinneleg saksframstilling

Slik var saksutgreinga i K-sak 80/15:

Herøy Vasslag BA har søkt kommunen om ein lånegaranti på inntil 30,0 mill kr + 10%. Lånet skal nyttast til å betale ned ei kredittramme i Sparebanken Møre på 19,0 mill kr samt til utskifting av gammalt leidningsnett og kummar. Store delar av vasslaget sitt leidningsnett er eldre enn 40 år og av dårleg kvalitet. Herøy Vasslag sitt investeringsbehov fram til 2020 er på i alt 60,0 mill kr.

Ved å ta opp eit langsiktig lån vert kostnadane lavare enn ved bruk av kredittramme. Eit låneopptak på 30,0 mill kr vil gi vasslaget eit nødvendig handlingsrom utan ein då treng ei dramatisk auke i abonnementsgebyra. Styret i vasslaget legg likevel opp til ein opptrapping av abonnementsgebyra som skal sikre ein sunn økonomi i laget.

Kommunal lånegaranti

Kommunelova § 51 om ”garantier og pantsetting for andres økonomiske forpliktelser” seier i pkt. 2:

”Det kan ikke stilles kausjon eller annen økonomisk garanti knyttet til næringsvirksomhet som drives av andre enn kommunen eller fylkeskommunen selv”.

I samband med denne paragrafen er det utarbeidd ei eiga forskrift med tittelen «Forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantier». Denne forskrifta gjeld frå 03.01.2001.

I § 2 i forskrifta står det:

«Når en kommune eller fylkeskommune stiller garanti for tredjepersons økonomiske forpliktelse, kan kommunen/fylkeskommunen forplikte seg ved simpel kausjon eller selvskyldnerkausjon».

Vedtaket om å stille garanti og garantiavtale/-erklæring skal alltid opplyse om garantiens levetid/varighet. Dersom den er knytt til ei investering kan garantitida ikkje overstige levetida på investeringsobjektet.

Garantien treng statleg godkjenning (i prinsippet Fylkesmannen) dersom den overstig kr. 500.000,-.

Herøy vasslag BA er ein privat aktør som leverer vatn til hushaldningar og bedrifter på Bergsøya, Leinøy, Remøy med tilstøtande områder. Totalt tel laget i dag om lag 2.364 abonnentar. Levering av vatn vert sett på som ei kommunal primæroppgåve og kommunane har eit ansvar for at sunt og godt vatn vert levert til alle i nok mengde. Lånet som Herøy Vasslag BA tek opp bør ha ei nedbetalingstid på maksimalt 40 år slik at det stettar vilkåra i garantiforskrifta.

I dette tilfellet kan kommunen gi ein garanti fordi det gjeld ei primæroppgåve. I og med at slike tenester skal vere sjølvfinansierande betyr det at det er abonnentane som må bere dei auka kostnadane vasslaget får som følge av investeringane.

Dersom kommunen vel å gi garanti som omsøkt, må staten v/ Fylkesmannen i Møre og Romsdal godkjenne vedtaket før det vert sett i verk.

Potensiell risiko ved å gi kommunal lånegaranti

Rådmannen ser at det vil medføre ein økonomisk risiko ved å yte ein kommunal lånegaranti på inntil 30,0 mill kr. Kommunen sitt «dilemma» er at vassforsyning er ei kommunal primæroppgåve og kommunen har eit ansvar for at vassforsyninga er tilfredsstillande.

Rådmannen ser at det er fornuftig å slette ein kreditt til fordel for ei meir langsiktig finansiering. På den måten vil likviditeten bli betra og lånekostnadane bli redusert. Det siste er ein fordel for abonnentane. Herøy vasslag har hatt ei stor utbygging av sine leidningsnett og anlegg dei siste åra, men framleis står det igjen mykje utskiftingar av leidningsnett før dette kan seiast å vere fullt ut tilfredsstillande. Lånet skal nyttast til nedbetaling av driftskreditt samt til planlagde investeringar i 2015. Her kan ein nemne leidningsnett frå Sunnmørsbadet til Myklebust, ny leidning i Sævika (eit par tre hundre meter), ny sjøleidning til byggefeltet i Røyra, omlegging av sjøleidning Straumen-Nærøya, ny leidning i Eggesbøvegen osv.

Om det vert vedteke å yte ein garanti på inntil 20,0 mill kr i denne saka vil kommunens samla garantiansvar bli på om lag 117,0 mill kr.

Staten v/Fylkesmannen i Møre og Romsdal, har tidlegare uttalt at Herøy kommune no har «nådd taket» når det gjeld garantiansvar, men sidan dette gjeld ei viktig oppgåve og at det er abonnentane som finansierer låneopptaket gjennom auka gebyr ser ein ikkje vekk frå at garantisøknaden vil bli godkjent frå sentralt hald om kommunestyret i Herøy vel å innvilge søknaden.

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for folkehelse:

Godt og reint vatn er utan tvil positivt for folkehelsa. Med dei skisserte tiltaka får abonnentane godt vatn då ein del av dei eldste vassrøra vert skifta ut. I tillegg vil nye leidningsanlegg redusere lekkasjane.

Konsekvensar for beredskap:

Med betre vassleidningar vert ein mindre sårbar ved t.d. brannar. Sikrare vasstilførsel er såleis eit pre for beredskapen.

Konsekvensar for drift:

Ikkje noko spesielt førebels

Konsekvensar for økonomi:

Så lenge lånegarantien ikkje vert effektuert er ikkje konsekvensane for den kommunale økonomien dei største. Ein viss effekt vil ei slik utbygging uansett ha på drifta då gebyra vil auke litt dei komande åra. Herøy kommune har mange abonnement knytt til Herøy Vasslag BA.

Vurdering og konklusjon: (skal slettast om saka ikkje har konsekvensar for....)

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Fosnavåg, 07.09.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen



Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Herøy kommune - Kommunal lånegaranti - Herøy Vasslag BA

Eg viser til oversendt kopi av vedtak i kommunestyret i sak 80/15 frå 25. juni i år vedkomande kommunal garanti ovanfor Herøy Vasslag BA.

Eg ber om at følgjande blir vedteke av kommunestyret før kommunen sender saka til endeleg behandling hos oss:

- Kva type garanti kommunen ønskjer å stille ovanfor Herøy Vasslag BA. Det går fram av § 2 i forskrift om kommunale garantiar at det kan vere anten simpel kausjon eller sjølvskuldnarkausjon. Det må eksplisitt gå fram av vedtaket.
- Tidsavgrensing av garantien i tråd med § 3 i forskrift om kommunale garantiar. Det går her fram at lengda på garantiperioden ikkje kan overstige investeringane si levetid. Ved eventuell refinansiering av tidlegare lån, må resterande levetid frå investeringane bli lagt til grunn for berekninga av tidsperioden for ny garanti. Eg gjer merksam på at maksimal garantiperiode ikkje kan overstige 40 år, inkludert ein eventuell toårsfrist for å gi kreditor rimeleg tid til innfordring.

Når kommunestyret har behandla garantisaka, kan vedtaket bli sendt til oss saman med vedtektene til verksemda for behandling.

Med helsing

Martin Gjendem Mortensen (e.f.)

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

kopi:

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS Bjørndalsveien 10 6065 ULSTEINVIK

HERØY VASSLAG SA

Kvithaugsmyra 71
6092 Fosnavåg



Org.nr. NO 956 668 824 MVA
Tlf/faks. 70 08 33 80
Vakttelefon 91 18 33 88
E-post: post@heroy.vasslag.no
Heimeside: www.heroyvasslag.no

Herøy Kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

SØKNAD OM KOMMUNAL GARANTI FOR LÅN I KOMMUNALBANKEN.

Viser til søknad om kommunal lånegaranti for eit lån på 30 millionar kroner i Kommunalbanken.

Ser at Fylkesmannen bed om utfyllande opplysningar om bruk av lånet, og vonar fylgjande oversikt er tilfredstillande.

Det vart i april 2010 inngått ein Kreditrammeavtale med Sparbanken Møre på kr. 10 000 000,-. Denne avtalen er seinare utvida to gongar, seinast i april 2015, og innvilga kreditramme i Sparebankem Møre på pr. dato er kr. 19 000 000,-

Nytta kreditt pr. 08.09.2015 kr. 18 500 000,-

Oversikt over større enkeltinvesteringar investeringar 2010-2015:

2010 Nytt Klor og UV-anlegg	kr. 2 100 000,-
2010 Høgdebasseng på Frøystad	kr. 3 500 000,-
<u>2009-2011 Driftskontroll</u>	<u>kr. 1 400 000,-</u>
Sum Driftsmidler 2010 – 2011	kr. 7 000 000,-

2010 Utsifting, Nytt leidningsnett Bergsøy	kr. 5 970 000,-
2011 Ny sjøleidning Moltu – Grønhaug	kr. 6 300 000,-
2012 Nytt Hovudleidningsnett	kr. 1 040 000,-
2013 Nytt Hovudleidningsnett	kr. 2 560 000,-
<u>2014 Nytt Hovudleidningsnett</u>	<u>kr. 2 100 000,-</u>
Sum Investering i leidningsnett 2010- 2014	kr. 17 970 000,-
Totalt	kr. 24 970 000,-
Finansiert med Kreditt i Sparebanken Møre (31.12.2014)	kr. 12 796 108,-
<u>Finansiert med Eigenkapital</u>	<u>kr. 12 173 892,-</u>

I tillegg er det bokført 16 200 000 i vedlikehald av leidningsnett i same periode.

Planlagt investering i Nytt leidningsnette2015 – 2020:

2015 Nytt (Eggesbønes og Sjøleidning til Røyra) og utsifting	kr. 8 700 000,-
2016 Nytt (Nørvåg-Vågsholm) og Utsifting	kr. 8 100 000,-
2017 Nytt (Frøystad, Sævik) og utsifting	kr. 8 500 000,-
2018 Nytt(Eggesbønes, Myklebust, Berge)	kr. 9 000 000,-
2019 Nytt (Bendal-Kulturhuset, Berge, Sjøledning Remøy)	kr. 10 500 000,-
<u>2020 Nytt (Sjøleidning Kvalsund-Remøy, Leine-Remøyholm</u>	<u>kr. 15 500 000,-</u>
Totalt	kr. 51 500 000,-

Finansiert med låneopptak Kommunalbanken
Finansiert med egenkapital (abonnementsgebyr og andelsinnskot)

kr. 11 500 000,-
kr. 40 000 000,-

Fosnavåg 8. september 2015

Venleg helsing

Herøy Vasslag SA


Per-Arne Gjørdsbakk

styreleiar



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	LSH	Arkivsaknr:	2012/2082
		Arkiv:	611

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
176/15	Formannskapet	29.09.2015
	Kommunestyret	22.10.2015

ØKONOMISK AVSLUTNING AV PROSJEKTNR. 51310 UTEOMRÅDE ØVRE FOSNAVÅG

Tilråding:

1. Herøy kommune godkjenner prosjektrekneskapen for prosjektnr. 51310.

Særutskrift:
Økonomileiar, her
Anlegg- og driftsavdelinga, her

Vedlegg:

- 1 K- sak 82/14
- 2 Rekneskapstal prosjektnr. 51310 Uteområde øvre Fosnavåg

Saksopplysninger:

I K-sak 82/14 19.06.2014 vedtok Herøy kommune å dekke inntil 9.333.000kr av kostnaden for uteområde ved nytt hotell. Herøy kommune skal etter inngått utbyggingsavtale overta areala til drift og vedlikehald. Det er no utført overtakelseforretning med protokoll og prosjektet kan no økonomisk avsluttast.

Resten av kostnadane med uteområdet er finansiert av utbygger og Møre og Romsdal fylke. Desse beløpa angår ikkje prosjektrekneskapen for prosjekt nr 51310 då dei har gått direkte til/via utbygger.

Prosjektrekneskap:

Sum fakturert frå entreprenør eks. mva	Kr 9.333.000
--	---------------------

Vurdering og konklusjon:

Prosjektet er ferdigstilt og utbetaling er utført. Prosjektet kan avsluttast økonomisk.

Fosnavåg, 17.09.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Lene Søvik Huldal



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Fellessekretariatet

Fosnavåg Vekst AS

Postboks 234
6099 FOSNAVÅG

Saksnr
2012/2082

Arkiv
611

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
FEL / LME

Dato
26.06.2014

K-SAK 82/14: SØKNAD OM TILSKOT TIL OPPARBEIDING AV UTEOMRÅDET VED NYTT HOTELL

Vedlagt følgjer:

- K-sak 82/14.

Herøy kommunestyre har den 19.06.2014 gjort slikt vedtak i saka:

Kommunestyret oppfatar oppføring av uteområde ved hotellet til å vere eit mindre tilleggsarbeide til hovedentreprisa som Veidekke utfører i samband med utbygging av hotell, simulatorsenter, konserthus og kino. Lov og forskrift om offentlege anskaffelsar kjem derfor ikkje til anvending:

1. Herøy kommunestyre vedtek å dekke inntil kr. 9.333.000,- av kostnaden med uteområdet.
2. Tilskotet vert totalfinansiert ved bruk av låneopptak, på følgjande måte:
 - a. kr. 6.000.000,- av midlane som er avsett i økonomiplanen blir nytta fullt ut.
 - b. kr. 3.333.000,- vert ytterlegare lånefinansiert.
3. Veidekke skal fakturere Herøy kommune direkte for dei kostnadane som ligg til Herøy kommune. Utbetaling til Veidekke skal skje i takt med opparbeiding av uteområdet med inntil kr. 9.333.000,-.

Med helsing

Lisbeth Moltu Espeseth
e.f.



Kopi:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal Fylkeshuset 6404 Molde

Økonomiavdelinga

Anlegg- og driftsavdelinga



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

-

Sakshandsamar:	LSH	Arkivsaknr:	2012/2082
		Arkiv:	611

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
93/14	Formannskapet	10.06.2014
82/14	Kommunestyret	19.06.2014

SØKNAD OM TILSKOT TIL OPPARBEIDING AV UTEOMRÅDET VED NYTT HOTELL

Tilråding frå rådmannen:

Alt. 1:

1. Herøy kommune gir eit samla tilskot på 3.735.188 kroner til Fosnavåg Vekst AS i samsvar med føresett 3-delning av kostnader i samband med tildeling av tettstadsmidlar.
2. Tilskotet vert finansiert ved bruk av disposisjonsfondet.
3. Tilskotet kan utbetalast i takt med opparbeidinga av uteområdet.

Alt. 2:

1. Herøy kommune gir eit samla tilskot på 6 mill. kroner til Fosnavåg Vekst AS i samband med opparbeiding av uteområdet ved nytt hotell i Fosnavåg.
2. Tilskotet vert finansiert ved bruk av disposisjonsfondet.
3. Tilskotet kan utbetalast i takt med opparbeidinga av uteområdet.

Alt. 3:

1. Herøy kommune gir eit samla tilskot til Fosnavåg Vekst AS på 9,635 mill. kroner som tilsvarar 1/3 av utbyggars totalkostnad med uteområdet.
2. Tilskotet vert finansiert ved bruk av disposisjonsfondet.
3. Tilskotet kan utbetalast i takt med opparbeidinga av uteområdet.

Møtebehandling i formannskapet 10.06.2014:

Anlegg- og driftsleiar Jon Rune Våge møtte i saka.

Henry Jøsokbakke reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er styremedlem i Fosnavåg konserthus. Han gjekk frå under handsaming av habilitet.

Henry Jøsokbakke vart samrøystes kjend habil.

Olaug Andreassen, Ap, kom med framlegg om slikt nytt pkt. 4:

«Administrasjonen får i oppgåve å sjå på løysingar for auka kommunal finansiell deltaking i prosjektet utan at dette går utover eigenkapitalen til Herøy kommune.»

Rådmannen si tilråding til alt. 1 med tilleggsframlegget frå Ap vart samrøystes vedteke.

Tilråding i formannskapet 10.06.2014

1. Herøy kommune gir eit samla tilskot på 3.735.188 kroner til Fosnavåg Vekst AS i samsvar med føresett 3-delning av kostnader i samband med tildeling av tettstadsmidlar.
2. Tilskotet vert finansiert ved bruk av disposisjonsfondet.
3. Tilskotet kan utbetalast i takt med opparbeidinga av uteområdet.
4. Administrasjonen får i oppgåve å sjå på løysingar for auka kommunal finansiell deltaking i prosjektet utan at dette går utover eigenkapitalen til Herøy kommune.

Møtebehandling i kommunestyret 19.06.2014:

Henry Jøsokbakke reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er styremedlem i Fosnavåg konserthus. Han gjekk frå under handsaming av habilitet.

Henry Jøsokbakke vart samrøystes kjend habil.

Sofie Mere Arntsen reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho er gift med prosjektleiar Olav Arntsen i Fosnavåg Vekst AS. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.

Sofie Mere Arntsen vart kjend inhabil mot 4 røyster etter KL §40, Fvl § 6, 2. ledd.

H v/Arnulf Goksøyr kom med slikt framlegg:

«Kommunestyret oppfattar oppføring av uteområde ved hotellet til å vere eit mindre tilleggsarbeide til hovedentreprisa som Veidekke utfører i samband med utbygging av hotell, simulatorsenter, konserthus og kino. Lov og forskrift om offentlege anskaffelsar kjem derfor ikkje til anvending:

1. Herøy kommunestyre vedtek å dekke inntil kr. 9.333.000,- av kostnaden med uteområdet.
2. Tilskotet vert totalfinansiert ved bruk av låneopptak, på følgjande måte:
 - a. kr. 6.000.000,- av midlane som er avsett i økonomiplanen blir nytta fullt ut.
 - b. kr. 3.333.000,- vert ytterlegare lånefinansiert.

3. Veidekke skal fakturere Herøy kommune direkte for dei kostnadane som ligg til Herøy kommune. Utbetaling til Veidekke skal skje i takt med opparbeiding av uteområdet med inntil kr. 9.333.000,-.»

Punktvis røysting:

Formannskapet si tilråding fall.

H sitt framlegg vart vedteke mot 3 røyster.

Vedtak i kommunestyret 19.06.2014:

Kommunestyret oppfattar oppføring av uteområde ved hotellet til å vere eit mindre tilleggsarbeide til hovedentreprisa som Veidekke utfører i samband med utbygging av hotell, simulatorsenter, konserthus og kino. Lov og forskrift om offentlege anskaffelsar kjem derfor ikkje til anvending:

1. Herøy kommunestyre vedtek å dekke inntil kr. 9.333.000,- av kostnaden med uteområdet.
2. Tilskotet vert totalfinansiert ved bruk av låneopptak, på følgjande måte:
 - a. kr. 6.000.000,- av midlane som er avsett i økonomiplanen blir nytta fullt ut.
 - b. kr. 3.333.000,- vert ytterlegare lånefinansiert.
3. Veidekke skal fakturere Herøy kommune direkte for dei kostnadane som ligg til Herøy kommune. Utbetaling til Veidekke skal skje i takt med opparbeiding av uteområdet med inntil kr. 9.333.000,-.

Særutskrift:

Økonomileiar, her

Anleggs- og driftsavdelinga, her

Fosnavåg Vekst AS, pb 234, 6099 Fosnavåg

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Vedlegg:

Søknad frå utbygger datert 11.2.2014

Utbyggingsavtale mellom HK og FV signert 6.2.2014

Tilsegn frå fylket datert 8.5.2014

Bakgrunn:

Fosnavåg Vekst AS har søkt Herøy kommune om tilskot til opparbeiding av uteområdet ved nytt hotell, sjå vedlegg. Denne saka gjeld handsaming av søknaden.

Saksopplysningar:

Rådmannen vil innleiingsvis gjere merksam på at søknaden gjeld tildeling av tilskot.

Tilskot kan ikkje lånefinansierast og må såleis takst av drifta. Det er mangel på driftsmidlar til den daglege drifta og rådmannen vil såleis generelt oppmode om moderasjon ved tildeling av tilskotsmidlar ut over det som alt er innarbeidd budsjettet for 2014.

Roller i utbygginga

Utbygginga av uteområdet skjer i privat regi. Det er Fosnavåg Vekst as som er utbygger og ansvarleg for m.a. gjennomføring og finansiering. Herøy kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune si rolle er å bidra med tilskot. Kommunen skal ta over delar av arealet i samsvar med vedteken utbyggingsavtale.

Utbyggingsavtale

I K-sak 7/14 vedtok Herøy kommune å inngå utbyggingsavtale med Fosnavåg Vekst AS vedk. uteområdet ved nytt hotell. Sjå vedlegg. Avtalen inneber at kommunen skal overta mesteparten av uteområdet ved eigedomen for framtidig drift og vedlikehald etter ferdigstilling.

Punkt 4 i denne avtalen seier at eventuelt økonomisk bidrag frå kommunen vert å handsame politisk etter søknad frå utbygger, og at det er lagt føringar for å søkje midlar frå Tettstadsprogrammet.

3-deling

Det er m.a. følgjande føresetnader for søknad og evt. tildeling av midlar frå Tettstadsprogrammet:

- Kommunen skal ha teikna utbyggingsavtale med privat utbygger.
- Det vert berre gitt tilskot til kostnader med «ekstrakvalitetar» (pynten) som vert tilført pga. tettstadsmidlane. T.d. kan ein søkje om tilskot til spesiell utforming av toppdekke på kai og belysning, men ikkje den underliggande kaikonstruksjonen.
- Kostnaden med «**ekstrakvalitetane**» som det vert gitt tilskot til skal fordelast med 1/3 på partane som er Staten v/Fylket, kommunen og privat utbygger.

Administrasjonen og Fylket har sidan samtalan om tettstadsmidlar starta opplyst utbygger og politiske organ om m.a. ovanståande. Utbygger har imidlertid vore av den formening at 3-deling skal ta utgangspunkt i dei totale opparbeidingskostnadene inkludert underliggande konstruksjonar. Administrasjonen har registrert at det i ulike politiske fora har vore uttalar om saka som kunne oppfattast som om det er dei totale kostandene som skal vere utgangspunkt for 3-deling.

Søknad

I søknaden om støtte opplyser Fosnavåg Vekst AS om at den totale kostnaden er 28,9 mill. kroner og dei søker om at Herøy kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune dekkjer 2/3 av totalkostnad, avrunda til 19,27 mill. kroner. Det framkjem elles av søknaden at utbyggar har fått tilsegn på om lag 1/3 av 28,9 mill. kroner i RDA-midlar til uteområdet ved hotellet.

Med bakgrunn i søknaden frå utbyggar søkte kommunen i utgangspunktet om midlar frå Tettstadsprogrammet med utbyggars sin totalsum som grunnlag for 3-deling. Fylket meldte tilbake at dette var ein urealistisk søkjesum då dei har sagt i frå at det er «pynten» dei skal bidra til og søknadssum var høgare enn dei har av midlar pr. år.

Etter dialog med utbyggar kom ein fram til ein totalsum for ekstrakvalitetane på 11.205.355 kroner og ny søknadssum til fylket vart 3.735.188 kroner. Søknaden vart handsama 5.5.2014 av regional- og næringsutvalet og det vart gitt tilsegn om tilskot som omsøkt. Sjå vedlagt tilsegn om tilskot.

Løyving i budsjettet og kommunal tilrettelegging

I budsjett for 2014 er det overført midlar frå 2012-2013 på 6 mill kroner til «Uteområde Øvre Fosnavåg». Dette er midlar som har vore tiltenkt kommunen sitt bidrag i spleiselaget med private utbyggarar ved opparbeiding av uteområdet ved hotellet, samt arealet mellom Sparebankhuset, parkeringsanlegget og gamle Maki.

Ein har konferert med økonomiavdelinga vedkomande konsekvensane av finansiering ved bruk av driftsmidlar og har m.a. fått opplyst følgjande:

Alternativa ved bruk av driftsmidlar til finansiering er:

- **Redusert drift i den kommunale tenesteproduksjonen**
- **Bruk av disposisjonsfond**
- **Kombinasjon av redusert drift og bruk av disposisjonsfond**

Kommunen hadde per 31.12.2013 tre ulike disp fond (disp fondet, flyktningfondet og veglysfondet) på totalt 12,0 mill kr.

I budsjettet for 2014 er 0,6 mill kr nytta for å saldere budsjettet. I tillegg har ein hatt eit par budsjettendringssaker hittil i 2014 som har redusert fondet med ytterlegare 3,2 mill kr slik at disponibel saldo pr. d.d. er om lag 8,2 mill kr.

Kommunen sitt mindreforbruk i 2013 var om lag 5,8 mill kr. Dersom ein nyttar dette til å styrke fondet vil fondet utgjere om lag 14,0 mill kr.

Ulemper ved bruk av disposisjonsfond:

- **Sårbare ved evt rekneskapsmessig meirforbruk i 2014**
- **Mindre alternativ ved budsjettsaldering/økonomiplansaldering i 2015**

Disposisjonsfondet sin storleik om løyving til uteområdet blir om lag slik ved dei 3 alternativa:

- **3,7 mill i tilskott gir eit dispfond på 10,3 mill kr**

- **6,0 mill i tilskott gir eit dispfond på 8,0 mill kr**
- **9,6 mill i tilskott gir eit dispfond på 4,4 mill kr**

Tala ovanfor er under føresetnad at mindreforbruken i 2013 vert nytta til å styrke disposisjonsfondet.

Med bakgrunn i at løyvinga er tilskot må også tidlegare/overført løyving på 6 mill. kroner frå tidlegare år også finansierast ved bruk av driftsmidlar/disposisjonsfond.

Herøy kommune bidreg elles med tilretteleggingar og opparbeiding av naudsynt infrastruktur utanfor hotellområdet. Dette gjeld mellom anna ny kai mellom hotellet og Almenningsskaia, avlaupsanlegg og anna oppgradering av området mellom Almenningstorget og hotellområdet. Samla kan ein rekne med investeringar på om lag 8 mill kr (det er til no kun henta inn pris for kaibygging og delar av avlaupsprosjektet, talet er derfor eit estimat).

I henhold til utbyggingsavtalen har kommunen forpliktet seg til å ta over størsteparten av uteområdet ved hotellet til framtidig drift og vedlikehald.

Vurdering og konklusjon:

Storleik på løyving

Som det framkjem ovanfor har administrasjonen og utbyggar ulikt syn på kva som skal vere grunnlaget for 3-deling av kostnadene. Medan administrasjonen meiner kommunen sitt tilskot skal vere likelydande med fylket sitt tilsegn, meiner utbyggar at 3-deling skal vere basert på totalkostnaden med uteområdet inkludert underliggende konstruksjonar. Med bakgrunn i ovanstående vil ein føreslå vedtak etter eitt av følgjande alternativ:

Alt. 1:

1. Herøy kommune gir eit samla tilskot på 3.735.188 kroner til Fosnavåg Vekst AS i samsvar med føresett 3-deling av kostnader i samband med tildeling av tettstadsmidlar.
2. Tilskotet vert finansiert ved bruk av disposisjonsfondet.
3. Tilskotet kan utbetalast i takt med opparbeidinga av uteområdet.

Alt. 2:

1. Herøy kommune gir eit samla tilskot på 6 mill. kroner til Fosnavåg Vekst AS i samband med opparbeiding av uteområdet ved nytt hotell i Fosnavåg.
2. Tilskotet vert finansiert ved bruk av disposisjonsfondet.
3. Tilskotet kan utbetalast i takt med opparbeidinga av uteområdet.

Alt. 3:

1. Herøy kommune gir eit samla tilskot til Fosnavåg Vekst AS på 9,635 mill. kroner som tilsvorar 1/3 av utbyggars totalkostnad med uteområdet.
2. Tilskotet vert finansiert ved bruk av disposisjonsfondet.
3. Tilskotet kan utbetalast i takt med opparbeidinga av uteområdet.

Ingen av dei alternative tilrådingane ovanfor medfører 2/3 tilskot av totalkostnaden frå det offentlege(kommunen og staten/fylket) slik utbyggar søker om. I så fall måtte både staten/fylket og kommunen gi eit tilskot i samsvar med alt. 3 ovanfor.

Eit vedtak som gir offentleg tilskot på meir enn 3-delinga som fylket er med på kan skape presedens for seinare saker. Særskilt gjeld dette alternativ 3 ovanfor som tek utgangspunkt i at 3-delinga inkluderar underliggande konstruksjonar.

Sidan det er mangel på driftsmidlar ser rådmannen det som naudsynt å nytte disposisjonsfondet for å finansiere tilskotet. **Rådmannen vil imidlertid tilrå at det vert nytta minst mogleg av driftsmidlar/disposisjonsfond då dette vil påverke kommunen sitt handlingsrom negativt.**

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Bruk av driftsmidlar vil påverke kommunen sitt handlingsrom.

Fosnavåg, 27.05.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Lene Søvik Huldal

		Ansvar		Funksjon		Konto				Rekneskap
51310	Uteområde øvre Fosnavåg	5126	Sentrum- og grøntanlegg	332	Kommunale vegar, miljø og trafiksikkerh.,parkering	02300	Nybygg/nyanlegg/rehabilitering			kr 3 111 000,00
51310	Uteområde øvre Fosnavåg	5126	Sentrum- og grøntanlegg	332	Kommunale vegar, miljø og trafiksikkerh.,parkering	04290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon			kr 777 750,00
51310	Uteområde øvre Fosnavåg	5126	Sentrum- og grøntanlegg	335	Rekreasjon i tettsted	02300	Nybygg/nyanlegg/rehabilitering			kr 6 222 000,00
51310	Uteområde øvre Fosnavåg	5126	Sentrum- og grøntanlegg	335	Rekreasjon i tettsted	04290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon			kr 1 555 500,00
								Sum inkl. mva		kr 11 666 250,00
								Sum eks. mva		kr 9 333 000,00



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2012/1851
		Arkiv:	037

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
177/15	Formannskapet	29.09.2015
	Kommunestyret	22.10.2015

SELSKAPSKONTROLL.

Tilråding:

Det vert gjort slike endringar i retningslinene for selskapskontroll og rutiner for kontroll av eigarskap og økonomisk engasjement:

.....

Særutskrift:

- Kontrollutvalet
- Økonomiavdelinga

Vedlegg:

- K-sak 219/12 med vedlegg.

Saksopplysninger:

I kommunestyremøtet 25.06.2015 vart det gjort slik protokollering:

«Til slutt i møtet vart eigarutøvinga drøfta. Ordførar Arnulf Goksøyr konkluderte med at sak om selskapskontroll og oppfølging av økonomisk engasjement bør reviderast. Ingen hadde merknader til dette.»

Vurdering og konklusjon:

Eg legg saka fram for drøfting.

Fosnavåg, 11.09.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann



HERØY KOMMUNE

Fellessekretariatet

Kontrollutvalet

Saksnr
2012/1851

Arkiv
037

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
FEL / LME

Dato
18.12.2012

K-SAK 219/12: PLAN OG RETNINGSLINER FOR SELSKAPSKONTROLL 2012-2016

Vedlagt følger:

- K-sak 219/12.

Herøy kommunestyre har den 13.12.2012 gjort slikt vedtak i saka:

1. Kommunestyret vedtek Plan og retningslinjer for selskapskontroll 2012-2016 i samsvar med vedlegget.
2. Gjennomføring av selskapskontroll vert i samsvar med pkt.5 i Plan og retningslinene.

Med helsing

Lisbeth Moltu Espeseth
e.f.





HERØY KOMMUNE
Rådmannen

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	EKRU	Arkivsaknr:	2012/1851
		Arkiv:	037

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
219/12	Kommunestyret	13.12.2012

PLAN OG RETNINGSLINER FOR SELSKAPSKONTROLL 2012-2016

Tilråding:

3. Kommunestyret vedtek Plan og retningslinjer for selskapskontroll 2012-2016 i samsvar med vedlegget.
4. Gjennomføring av selskapskontroll vert i samsvar med pkt.5 i Plan og retningslinene.

Møtebehandling i Kommunestyret – 13.12.2012:

Jostein Støylen frå Vest Kontrollutvalssekretariat møtte i saka.

Kontrollutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 13.12.2012

1. Kommunestyret vedtek Plan og retningslinjer for selskapskontroll 2012-2016 i samsvar med vedlegget.
2. Gjennomføring av selskapskontroll vert i samsvar med pkt.5 i Plan og retningslinene.

Særutskrift:
Kontrollutvalet

Vedlegg:

Saksopplysninger:

Kontrollutvalet er sjølv innstillingsmynde i desse sakene. Saka framlagt slik den er sendt administrasjonen.

Kommunane har i lang tid gjort meir og meir bruk av fristilte organisasjonsmodellar. Denne utviklinga har ført til meir kompleks organisering av den kommunale verksemda. Dette inneber utfordringar når det gjeld styring, og det reiser spørsmål knyta til kontroll og tilsuyn.

Kommuneloven kapittel 12 omhandlar internt tilsyn, kontroll og revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Kommunal- og regionaldepartementet har laga Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar og Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Lov og forskriftene inneheld reglar vedkomande kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m.

Vurdering og konklusjon:

1. Kommunestyret vedtek Plan og retningslinjer for selskapskontroll 2012-2016 i samsvar med vedlegget.
2. Gjennomføring av selskapskontroll vert i samsvar med pkt.5 i Plan og retningslinene.

Fosnavåg, 10.12.2012

Erlend Krumsvik
Rådmann

HERØY KOMMUNE - KONTROLLUTVALET

UTSKRIFT

frå

MØTEBOK

 HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Sak nr. 2012/1851	Saksbeh. EKR
10 DES. 2012	
Ark kode P	037
Ark kode S	
Utt	Dok nr. 3
Kassasjøn	

Utval:	Sak nr.:	Arkiv:	Møtedato:
Kontrollutvalet i Herøy kommune	30/12	HE 04-12 SAK 30-12	03.12.2012

SAK 30/12 PLAN OG RETNINGSLINER FOR SELSKAPSKONTROLL 2012-2016

Samrøystes innstilling:

1. Kommunestyret vedtek Plan og retningslinjer for selskapskontroll 2012-2016 i samsvar med vedlegget.
2. Gjennomføring av selskapskontroll vert i samsvar med pkt.5 i Plan og retningslinene.

Rett utskrift

Åram, 03. desember 2012


Jostein Støylen
dagleg leiar VKUS

Utskrift til: Kommunestyret for behandling
(Saka går direkte frå kontrollutvalet til kommunestyret)

VEST KONTROLLUTVALSSEKRETARIAT (VKUS)

Dato: 10.11.12.

Kontrollutvalet

SAK 30/12 PLAN OG RETNINGSLINER FOR SELSKAPSKONTROLL 2012-2016

Vedlegg:

Forslag til Plan og retningslinjer for selskapskontroll 2012-2016.

Saksutgreiing/saksopplysningar


Kommunane har i lang tid gjort meir og meir bruk av fristilte organisasjonsmodellar. Denne utviklinga har ført til meir kompleks organisering av den kommunale verksemda. Dette inneber utfordringar når det gjelder styring, og det reiser spørsmål knyta til kontroll og tilsyn.

Kommuneloven kapittel 12 omhandlar internt tilsyn, kontroll og revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Kommunal- og regionaldepartementet har laga Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar og Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Lova og forskriftene inneheld reglar vedkomande kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m.

Ut over dette viser eg vedlagte plandokument for selskapskontroll der fleire og meir detaljerte opplysningar kjem fram.

Forslag til innstilling:

1. Kommunestyret vedtek Plan og retningslinjer for selskapskontroll 2012-2016 i samsvar med vedlegget.
2. Gjennomføring av selskapskontroll vert i samsvar med pkt.5 i Plan og retningslinene.



Jostein Støylen
dagleg leiar

Postadresse: 6149 Åram

Organisasjonsnr: 987 829 257

Telefon: 70030440

Bankkonto: 3910.26.35373

Telefaks: 70030449

E-postadresse: post@vkus.no

Mobil: 90187950

Hareid, Herøy, Sande, Selje, Ulstein, Vanylven, Volda, Vågsøy, Ørsta

PLAN
OG
RETNINGSLINER
FOR
SELSKAPSKONTROLL
2012 - 2016
HERØY KOMMUNE

INNHALDSLISTE

1. Bakgrunn

2. Innholdet i selskapskontrollen

Heimel

Innsynsrett

Kva består selskapskontroll i

Organisasjonsformer for kommunale verksemder

Kommunale føretak

Interkommunalt samarbeid

Interkommunalt samarbeid, eige rettssubjekt

Vertskommunesamarbeid

Interkommunalt selskap

Aksjeselskap(AS)

AS/ASA – deleigd av kommunale aktørar

Samvirkeforetak ((SA)

Stifting

Val av organisasjonsform

3. Formålet med selskapskontroll

Eigarskapskontroll

Forvaltningsrevisjon

Undersøkingar

4. Kommunen si oppfølging av selskap

Frå kommunen: Økonomisk engasjement –
eigarskapsforhold/oppfølging

Rådmannen

5. Gjennomføring, rapportering og oppfølging av kontrollen

Gjennomføring – retningslinjer

Rapportering

Oppfølging

Vedlegg:

1. Oversikt over kommunen sine engasjement i selskap og samarbeid.
2. Kommunestyresak **183/07** Økonomisk engasjement – eigarskapsforhold/oppfølging

1. Bakgrunn

Kommunane har i lang tid gjort meir og meir bruk av fristilte organisasjonsmodellar. Denne utviklinga har ført til meir kompleks organisering av den kommunale verksemda. Dette inneber utfordringar når det gjelder styring, og det reiser spørsmål knyta til kontroll og tilsyn.

Kommuneloven kapittel 12 omhandlar internt tilsyn, kontroll og revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Kommunal- og regionaldepartementet har laga forskrifter om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar og Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Lova og forskriftene inneheld reglar vedkomande kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m.

Kommunal og regionaldepartementet har i Prop. 119 L foreslått ein del endringar i kommunelova som også omfattar kontroll med selskap. Endringsforslaga er innarbeida i plandokumentet.

2. Innhaldet i selskapskontrollen

Heimel

Heimel for selskapskontroll er kommuneloven (KL) § 77 nr 5, som fastset at kontrollutvalet skal «påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens (...) inereiser i selskaper m.m., jf tilsvarende formulering i § 13 første ledd i forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner (FK). Etter § 13 andre ledd skal det «minst ein gang i valperioden utarbeides plan for gjennomføring av selskapskontroll. Dette skal skje senest innen utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert». Tredje ledd fastset at kommunestyret vedtek planen.

Innsynsrett

KF § 13 må sjåast i samanheng med KL § 80 som regulerer kontrollutvalet og den som utfører selskapskontrollen sin innsynsrett i selskap. Kommunal- og regionaldepartementet har foreslått endring i § 80 og den vil då lyde slik:

« I interkommunale selskaper etter lov 29. januar 1999 nr. 6, i interkommunale styrer etter § 27 og i aksjeselskaper der en kommune eller fylkeskommune alene eller sammen med andre kommuner, fylkeskommuner eller interkommunale selskaper direkte eller indirekte eier alle aksjer, har kommunens eller fylkeskommunens kontrollutvalg og revisor rett til å kreve de opplysninger som finnes påkrevd for deres kontroll, så vel fra selskapets daglige leder som fra styret og den valgte revisor for selskapet. I den utstrekning det finnes nødvendig, kan kontrollutvalget og kommunens revisor selv foreta undersøkelser i selskapet.

Kommunestyret eller fylkestinget kan fastsette regler om kontrollutvalgets og revisors kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskapet og herunder fastsette hvilke dokumenter mv. som skal sendes kommunens eller fylkeskommunens kontrollutvalg og revisor.

Kontrollutvalget og kommunens eller fylkeskommunens revisor skal varsles og har rett til å være tilstede på selskapets generalforsamling, samt møter i representantskap og tilsvarende organ.»


Kva består selskapskontroll i

Selskapskontroll kan delast i tre delar, eigarskapskontroll (obligatorisk), forvaltningsrevisjon (frivillig) og undersøkingar (frivillig).

Selskapskontroll (kommuneloven § 77 nr. 5)	Obligatorisk eigarskapskontroll: Kontroll med forvaltinga av kommunens eigarinteresser i selskap.
	Valfri forvaltningsrevisjon: Systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret eller fylkestinget sine vedtak og føresetnader.
	Undersøkingar Kommunelova § 80 gir også heimel for at kontrollutvalet og kommunen sin revisor kan gjere undersøkinga. Dette treng då ikkje nødvendigvis vere eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon.

Figur 1: Modell som viser kva som inngår i omgrepet selskapskontroll

I figuren under er skissert ein modell for selskapskontroll:



Figur 2: Modell for selskapskontroll

Organisasjonsformer for kommunale verksemder

Det kan vere ulike **grunnar** til at kommunar opprettar eller går inn i selskap:

- effektivisering av drifta
- klarare ansvarsforhold
- trong for å samarbeide med andre om tenesteproduksjon
- investering med tanke på økonomisk profitt
- investering pga. samfunnsansvar (for eksempel å sikre arbeidsplassar) og/eller for å støtte den tradisjonelle etatsordninga.

Organisasjonsform, lovheimel m.m:

1. Kommunale føretak. *KL kap 11.*

Er eit forvaltningsorgan. Kommunen kan avgjere at utvalde tenestområde kan organiserast som kommunalt føretak. Føretaket er framleis ein del av kommunen. Kommunen er eigar og kommunestyret er eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsynsrett etter KL § 77 nr 7.

2. Interkommunalt samarbeid. *KL § 27.*

Er eit forvaltningsorgan. To eller fleire kommunar kan opprette eit eige styre til å løyse felles oppgåver. Kommunen er eigar og kommunestyret er eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsynsrett etter KL § 77 nr 7, dersom det ikkje er eige rettssubjekt.

3. Interkommunalt samarbeid. *KL § 27. Eige rettssubjekt*

To eller fleire kommunar kan opprette eit eige styre til å løyse felles oppgåver. Samarbeidsavtale/vedtektene seier kva fullmakter styret har. Kommunen er eigar og styret eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre selskapskontroll (både eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsyn eller KL. § 80 (etter forslag om endring i kommuneloven).

4. Vertskommunesamarbeid. *KL §§ 28a, 28b og 28c.*

Er eit forvaltningsorgan. Ein kommune overlet utføringa av lovpålagde oppgåver til ein vertskommune. Kommunen er eigar og kommunestyret er eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsynsrett etter KL § 77 nr 7 (Gjeld vertskommunen).

5. Interkommunalt selskap (IKS). *IKS- loven.*

Dette er eit eige rettssubjekt som er regulert av IKS-lova. Eit IKS er eit selskap der berre kommunen kan delta, men det er rettsleg og økonomisk åtskild frå deltakarkommunane. Kommunen er eigar. Representantskapet er eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontroll kan omfatte både eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsyn etter KL § 80.

6. Aksjeselskap (AS) – heileigd av kommunale aktørar og. *Aksjeloven.*

Er eige rettssubjekt. Kommunen er eigar. Generalforsamlinga er eigarorgan.

Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontroll kan omfatte både eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet har fullt innsyn etter KL § 80.

7. AS/ASA – deleigd av kommunale aktørar. Aksjeloven og allmennaksjeloven.

Er eige rettssubjekt.

Kommunen og private aktørar er eigar. Generalforsamlinga er eigarorgan.

Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontrollen kan omfatte eigarskapskontroll, og forvaltningsrevisjon etter samtykke om innsyn.

Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.

8. Samvirkeforetak (SA). Samvirkeoven.

Er eige rettssubjekt. Samvirkeforataket er ei samanslutning med hovudføremål å fremje dei økonomiske interessene til medlemmene ved at desse deltek i verksemda til føretaket, som forbrukarar, leverandørar eller liknande.

Medlemene er eigarar. Årsmøtet er eigarorgan.

Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontroll (eigarskapskontroll, og forvaltningsrevisjon etter samtykke om innsyn).

Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.

9. Stifting. Stiftelsesoven.

Eige rettssubjekt. Med stifting blir det foreslått at ein formuesverdi er stilt til rådvelde for eit bestemt føremål av ideell, humanitær, kulturell, sosial, utdanningsmessig, økonomisk eller annan art. Når stiftinga er oppretta, har opprettaren ikkje lenger rådvelde over formuesverdien som er overført stiftinga

Det er ingen eigarar. Stiftingar er sjøelveigande.

Kontrollutvalet har ingen tilsyn, utan at det er avtala.

Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.

Val av organisasjonsform

Kommunal- og regionaldepartementet seier i Kontrollutvalsboka bl.a:

«Organisasjonsform bør veljast med utgangspunkt i kva oppgåver som skal utførast og føremålet kommunen har med selskapsetableringa. Val av organisasjonsform har også konsekvensar for korleis kommunen kan styre og gjennomføre kontroll og tilsyn med selskapa. Dette er viktige omsyn som kommunestyret må tenkje gjennom når dei tek stilling til korleis den kommunale verksemda skal organiserast. Dette er eit tema som også eigarskapsstrategien for kommunen bør omtale.

Kontrollutvalet skal fylgje med på sakene i kommunestyret knytte til etablering av selskap.

Og sjå etter om kontroll- og tilsynskonsekvensane er vurderte.»

Kommunestyret har i sak **183/07** Økonomisk engasjement – eigarskapsforhold/oppfølging vedteke Retningslinjer og rutinar for eigarskapskontroll og oppfølging av økonomiske engasjement: I pkt 1.2 og 1.4 i retningslinjene står det:

«Val av selskapsform må det vurderast om kva selskapsform som er best egna til å oppnå dei målsetjingane ein vil oppnå med eigarskapet. Kva ansvar/risiko tek kommunen ved val av nemnte selskapsform, og om valet av denne selskapsforma gir tilstrekkeleg innsynsrett og representasjon i styrande organ for kommunen. Kva politisk vedtak ligg til grunn for oppretting og drift av selskapet»

I pkt 1.4 i retningslinjene heiter det: «I IKS og i heileigde kommunale aksjeselskap har kommunen sitt kontrollutval og revisor rett til innsyn i selskapet, jf. koml. § 77. Slik innsynsrett skal normalt krevjast. Rett til innsyn må takast inn i selskapsavtalen eller i vedtektene.»

3. Formålet med selskapskontroll

Selskapskontroll er eit middel for å sjå til at forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser fungerer tilfredsstillande i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader og i samsvar med aktuelle lover og reglar.

Eigarskapskontroll

Formålet med eigarskapskontroll er å kontrollere om den som utøve kommunen sine eigarinteresser, utøve mynde slik det fastsett i den aktuelle verksemdlova, samt tek i vare kommunen sine interesser i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Eigarskapskontroll avgrensar seg til ei vurdering av om eigarane har etablert tilfredsstillande ramme for styring, og at verksemda faktisk opererer i tråd med formålet. Ei materiell vurdering av selskapet si organisering, drift og funksjon fell difor utanfor denne kontrollen.

Forvaltningsrevisjon

Ved behov kan det også gjennomførast forvaltningsrevisjon av selskap. I eit selskap med statlege eller private eigarinteresser må dette – om ikkje anna er avtala mellom eigarane, skje med utgangspunkt i opne kjelder, fordi innsynsretten etter KL § 80 gjeld.

Formålet med forvaltningsrevisjon vil vere å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Ein slik revisjon vil såleis ha fokus på sjølve aktiviteten og resultat i selskapet.

Undersøkingar

Undersøkingar kan også gjennomførast, og kan vere aktuelt dersom det viser seg behov for å sjå på eller sjekke opp i mindre eller spesielle tilhøve utan at ein treng å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon, med ei formelle reglar som då fylgjer. I eit selskap med statlege eller private eigarinteresser må dette – om ikkje anna er avtala mellom eigarane, skje med utgangspunkt i opne kjelder, fordi innsynsretten etter KL § 80 gjeld også her.

4. Kommunen si oppfølging av selskap

Frå kommunen: Økonomisk engasjement – eigarskapsforhold/oppfølging

Kommunestyret har i sak 183/07 Økonomisk engasjement – eigarskapsforhold/oppfølging vedteke Retningslinjer og rutinar for eigarskapskontroll og oppfølging av økonomiske engasjement: I pkt i retningslinjene 3 står det:

«3. Administrativ oppfølging av selskapa sin økonomi

Kommunen skal til ei kvar tid ha oversikt over dei selskap som kommunen er engasjert i, kven som til ei kvar tid representerer kommunen i selskapet og kva føremålet med engasjementet er. Det skal gjennomførast ein årleg administrativ kontroll i kommunen opp mot desse selskapa. Utgangspunkt for kontrollen er å følgje opp økonomien i og føremålet med engasjementet.

3.1. Økonomisk oppfølgingsmodell

Det er utarbeidd eigen analysemodell for kartlegging av økonomiske nøkkeltal, jf. vedlegg. Grunnlaget for analysen er den økonomiske situasjonen til selskapa basert på siste års årsmelding. Dersom det gjennom analysen kjem fram unormale avvik, kan det vere naturleg å ta kontakt med selskapet for nærare avklaring av situasjonen. Resultat av den administrative kontrollen vil vere grunnlaget for vidare rapportering i kommunen.

Som ein føresetnad for å få til denne analysen må kommunane hente inn informasjon som:

- Årsrekneskap med revisjonsmelding
- Årsmelding frå styret.

3.2. Rapportering frå administrasjon

Det kan skiljast mellom generell rapportering og enkeltrapportering. Alle rapportar skal som utgangspunkt til kommunestyret. Det er kommunestyret som vil gi vidare fullmakt til kontrollutvalet for ytterlegare oppfølging.

3.2.1. Generell rapportering

Generell rapportering skal som hovudregel leggjast fram for kommunestyret kvart år. Den administrative kontrollen med økonomiske nøkkeltal og kommentarar skal vere grunnlaget i rapporten. Dette er ein generell rapport som viser status. Kommunestyret kan med bakgrunn i rapporten be administrasjonen eller kontrollutvalet utføre vidare kontrollar.

3.2.2 Enkeltrapportering

Dersom det vert avdekt avvik som strir mot føresetnaden for engasjementet, skal det takast kontakt med selskapet for nærare avklaring. Ved manglande avklaring skal eigen rapport leggjast fram for kommunestyret slik at dei kan ta stilling til vidare handlingar."

I pkt. 5.1 i retningslinene står det om opplæring:

«5.1 opplæring

Representantar i styre, representantskap og generalforsamlingar, bør få tilbod om opplæring i starten av ny kommunestyreperiode. I opplæringa skal ein spesielet legge vekt på:

- *Informere om rettar og ølikter representanten tek på seg ved å la seg velje til vervet*
- *La representanten få innsikt i kva ansvar han/ho kan pådra seg*
- *Orienterere om kven ein skal vere lojal overfor som vald representant. I dette ligg å skilje mellom verv der ein skal representere kommunen som eigar og verv der ein har ansvar overfor generalforsamling/representantskap og selskapet*
- *Informere om korleis eit selskap er organisert, forskjellen mellom generalforsamling og styre*
- *Få generell opplæring i styrearbeidet.»*

Rådmannen

Rådmennene på Søre Sunnmøre har bestemt at rådmannen i hovudkontorkommunen til det enkelte selskap (dersom dei har hovudkontor på Søre Sunnmøre) skal ha det administrative ansvaret for oppfølginga av selskapet. Dei skal rapporterast til rådmennene i dei andre eigarkommunane.

5. Gjennomføring og rapportering av kontrollen

Kontrollutvalet sitt engasjement i selskapskontroll vil då vere svært avhengig av korleis kommunestyresak 183/07 vert følgt opp og rapporteringa av oppfølginga.

Gjennomføring - retningslinjer

- Kontrollutvalet skal utføre selskapskontroller pålagde av kommunestyret. Jf. Kommunestyresak 183/07 pkt. 3.2.1. (Gjeld både eigarskapskontroll, forvaltningsrevisjon og undersøkingar).
- Kontrollutvalet skal sjå til at Retningslinjer og rutinar for eigarskap og økonomiske engasjement verkar etter føresetnadane. Jf kommunestyresak 27/08.

- Kontrollutvalet kan sjølv avgjere om dei skal gjennomføre selskapskontrollar. Det er særleg viktig i tilfelle der vedtekne retningslinjer og økonomiske engasjement ikkje vert følgt opp. Jf kommunestyresak 183/07.
- Kontrollutvalet kan ut frå egne vurderingar sjølv avgjere om det skal utførast forvaltningsrevisjon eller undersøkingar i selskap som lekk i ein selskapskontroll.
- Kontrollutvalet får fullmakt til å fastsetje kva dokument som skal sendast kontrollutvalet (medlemene og sekretariatet), kommunen sin revisor og utførande revisor.
- Kontrollutvalet får fullmakt til samordne utføringa av selskapskontroll med kontrollutval i andre eigarkommunar.
- Kommunen sin revisor skal normalt utføre selskapskontrollar på vegne av kontrollutvalet. Dersom kommunen sin revisor også er revisor i selskapet som vert kontrollert, skal kontrollutvalet vurdere om andre bør utføre kontrollen.
- Dersom kommunen/kommunene sin revisor utfører selskapskontrollen, gjeld denne sine betalingsordninger for kontrollen og kommunen/ane betaler. Dersom andre enn kommunen/ane sin revisor eller kontrollutvalet sitt sekretariat utfører selskapskontrollen på grunn av habilitetsomsyn, kapasitetsomsyn og kompetanse, vert betaling å avgjere i det enkelte tilfelle (jf. Lov om off. innkjøp).
- Kontrollutvalet kan fråvike fastsette retningslinjer om spesielle tilhøve skulle tilseie det.

Rapportering (FK § 15. 1 lekk)

Rapporter etter gjennomført selskapskontroll skal sendast frå utførar til kontrollutvalet. Etter at kontrollutvalet har behandla rapporten skal den sendast til kommunestyret.

Kontrollutvalet rapporterer og om gjennomførte selskapskontrollar og resultatet av desse i si årsmelding.

Oppfølging

Kontrollutvalet kan, om dei finn det nødvendig, foreta etterkontroll av utførte selskapskontrollar, då etter same retningslinjene for gjennomføring som kjem fram framom..

VEDLEGG 1

OVERSIKT OVER SAMARBEID OG SELSKAP

1. Interkommunale selskap.

- **Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (Sande)** Herøy kommune 14,29%, Hareid kommune 14,28% , Sande kommune 14,28%, Ulstein kommune 14,29%, Vanylven kommune 14,28%, Volda kommune 14,29% og Ørsta kommune 14,29%
- **Søre Sunnmøre reinhaldsverk IKS (Ulstein)**
- **Dragsundbygg IKS (Herøy)** Herøy kommune 56,26%, Vanylven kommune 8,68% Volda kommune 18,55%, Sande kommune 5,86% og Hareid kommune 10,56%. Representant frå Herøy kommune er Arnulf Goksøyr.
- **Dragsund ASVO (Herøy)** Herøy kommune: 39%, Vanylven kommune:19%, Ulstein kommune: 25% og Sande kommune: 17%
- **Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS (Ålesund)** Selskapet har 37 deltakarar. Herøy kommune sin eigarandel er 2,51%.

2. § 27 samarbeid der samarbeidet/selskapet er organisert som eige rettssubjekt.

- **Vest kontrollutvalssekretariat (Vanylven)** Herøy kommune 14,29%, Hareid kommune 14,28%, Sande kommune 14,28%, Ulstein kommune 14,29%, Vanylven kommune 14,28%, Volda kommune 14,29% og Ørsta kommune 14,29%.

3. § 27 samarbeid der samarbeidet ikkje er organisert som eige rettssubjekt

-

4. Andre samarbeid der det ikkje vert ført eige rekneskap (inngår i kommunerekneskapen)

- Interkommunal innkjøpskonsulent(Herøy)
- Interkommunal samarbeidsavtale om arbeidsgivarkontroll (Ålesund)

5. Andre selskap f.eks stiftingar der kommunen har gitt tilskot og har styremedlemmer osv.

- **Stiftinga Herøyspelet** (Tilskot frå kommunen)
- **Herøy kyrkjelege fellelsråd** (Tilskot frå Herøy kommune)
- **Herøy sogelag v/Steinar Åheim** (Garanti frå Herøy kommune)
- **Herøy Varmtvassbasseng AS** (Herøy kommune 71,42%, Herøy Revmatikerforening 7,15%, Herøy Sanitetsforening 7,15%, Olympic Shipping AS 7,14% og Havila AS 7,14%)
- **Herøy vasslag BA** (Herøy kommune er andelseigar)
- **Huldal Foreldreeigde Barnehage BA** (Garanti frå Herøy kommune)
- **Kyrkjelydshus for Leikanger Sogn** (Lån frå Herøy kommune)
- **Leikanger Grendahus P/L** (Herøy kommune er andelseigar)
- **Leikanger Vassverk A/L** (Herøy kommune er andelseigar)
- **Moldtustranda Grendahus A/L** (Herøy kommune er andelseigar)
- **Moldtustranda Vasslag A/L**
- **Muritunet AS** Herøy kommune eig 0,91%
- **Runde Miljøbygg AS** (Herøy kommune eig 22,7%, 11 andre private eigarar.)
- **Stemmedal Vasslag A/L** (Herøy kommune er andelseigar)
- **Tjørnvåg idrettslag** (Garantiar frå Herøy kommune)
- **Troll-Lia Barnehage AS** (Lånegaranti frå Herøy kommune)


- **Troll-Myra Barnehage AS** (Lånegarantiar frå Herøy kommune)
- **Tussa Kraft AS (Ørsta)** (Herøy kommune 17,3%, Ørsta kommune 35,7%, Volda kommune 16,4%, egne aksjar (Tussa Kraft AS) 12,8%, Hareid kommune 6,8%, Vanylven kommune 6,7%, Ulstein kommune, 2,9%, Sande kommune 0,9%, Hornindal Kraftlag 0,4%.

6. **Andre opplysningar** (Skriv her andre opplysningar du ynskjer å gi)
- Litt usikker på om vi har tatt med formange selskap/andelslag i oversikta under punkt 5, men vi har skrive korleis vi er involvert i dei ulike selskapa og då har Kontrollutvalssekretariatet/kontrollutvalet høve til å vurdere kvart einskild av dei.

VEDLEGG 2

KOMMUNESTYRESAK183/07..... og 63/10

EIGARSKAPSKONTROLL
ØKONOMISK ENGASJEMENT



HERØY KOMMUNE
Rådmannen

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	RS	Arkivsaknr:	2007/1683
		Arkiv:	026

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
224/07	Formannskapet	13.11.2007
183/07	Kommunestyret	22.11.2007

SELSKAPSKONTROLL OG OPPFØLGING AV ØKONOMISK ENGASJEMENT.

Tilråding:

1. Kommunestyret syner til vedlagde rutiner for kontroll av eigarskap og økonomisk engasjement og vedtek å godkjenne rutinene.
2. Ordføraren får delegert fast fullmakt til å møte på vegne av Herøy kommune som eigarrepresentant på generalforsamlingar, representantskap og årsmøte m.v. der kommunen vert innkalla. Varaordføraren kan møte i ordføraren sin stad. Formannskapet får fullmakt til å oppnemne andre dersom ordføraren eller varaordføraren er forhindra til å møte.

Møtebehandling:

Det kom framlegg om slikt tillegg til rådmannen sitt framlegg:

- "3. Ordføraren kan oppnemne representantar i ordførar eller varaordførar sin stad dersom det ikkje er mogleg å leggje dette fram for formannskapet.
4. Punkt 2 og 3 gjeld i dei høve kommunestyret ikkje har oppnemnt faste eigarrepresentantar til generalforsamling, representantskap og årsmøte m.v.
5. Styremedlem i aksjeselskap bør ikkje møte som eigarrepresentant i generalforsamling."

Rådmannen sitt framlegg med tilleggsframlegget ovanfor vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 13.11.2007

1. Kommunestyret syner til vedlagde rutiner for kontroll av eigarskap og økonomisk engasjement og vedtek å godkjenne rutinene.
2. Ordføraren får delegert fast fullmakt til å møte på vegne av Herøy kommune som eigarrepresentant på generalforsamlingar, representantskap og årsmøte m.v. der kommunen vert innkalla. Varaordføraren kan møte i ordføraren sin stad. Formannskapet får fullmakt til å oppnemne andre dersom ordføraren eller varaordføraren er forhindra til å møte.
3. Ordføraren kan oppnemne representantar i ordførar eller varaordførar sin stad dersom det ikkje er mogleg å leggje dette fram for formannskapet.
4. Punkt 2 og 3 gjeld i dei høve kommunestyret ikkje har oppnemnt faste eigarrepresentantar til generalforsamling, representantskap og årsmøte m.v.
5. Styremedlem i aksjeselskap bør ikkje møte som eigarrepresentant i generalforsamling

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 22.11.2007

1. Kommunestyret syner til vedlagde rutiner for kontroll av eigarskap og økonomisk engasjement og vedtek å godkjenne rutinene.
2. Ordføraren får delegert fast fullmakt til å møte på vegne av Herøy kommune som eigarrepresentant på generalforsamlingar, representantskap og årsmøte m.v. der kommunen vert innkalla. Varaordføraren kan møte i ordføraren sin stad. Formannskapet får fullmakt til å oppnemne andre dersom ordføraren eller varaordføraren er forhindra til å møte.
3. Ordføraren kan oppnemne representantar i ordførar eller varaordførar sin stad dersom det ikkje er mogleg å leggje dette fram for formannskapet.
4. Punkt 2 og 3 gjeld i dei høve kommunestyret ikkje har oppnemnt faste eigarrepresentantar til generalforsamling, representantskap og årsmøte m.v.
5. Styremedlem i aksjeselskap bør ikkje møte som eigarrepresentant i generalforsamling

Særutskrift:

Økonomileiar for oppfølging
Rådmann
Ass. rådmann
Ordførar
Kontrollutvalet

Vedlegg:

1. Utgreiing frå arbeidsgruppe
2. Framlegg til rutiner for kontroll av eigarskap og økonomisk engasjement
3. Oversikt over selskap som gjev grunnlag for kontroll/oppfølging
4. Analysemodell for uttrekning av nøkkeltal frå rekneskapen
5. Utdrag frå kommunelova; §§ 77 og 80, samt forskrift om kontrollutval §§ 13 – 15.

BAGRUNN:

Kontrollutvala i dei 7 kommunane på Søre Sunnmøre tok initiativ til å få utvikla rutiner for eigarskapskontroll og oppfølging av økonomisk engasjement i dei selskapa kommunane er involvert. Alle kommunestyra gjorde slikt vedtak:

- 1. Kommunestyret vedtek plan for selskapskontroll i samsvar med utgreiinga og kontrollutvalet sitt forslag til retningslinjer for selskapskontroll.*
- 2. Kommunestyret bør formannskapet/rådmannen å utarbeide rutinar for kommunen sin kontroll med forvaltninga av kommunen si interesse i selskap. Saka skal leggjast fram for kommunestyret innan 30.06.2006.*

Framlegget til rutinar for eigarskapskontroll er utarbeidd av økonomisjefane i kommunane Ulstein, Herøy og Vanylven. Sekretæren for Søre Sunnmøre kontrollutvalssekretariat har og deltatt i arbeidet med å utarbeide rutinane. Arbeidet tok lenger tid enn rekna med. Dette skuldast dels at det er eit nybrotsarbeid av eit viss omfang, samstundes som det tok litt tid å kome i gang. Siktemålet er at alle dei samarbeidande kommunane skal ha like rutiner ettersom det er fleire selskap vi eig i lag.

KVA DETTE DREIER SEG OM

Eigarskapskontroll fokuserer på dei folkevalde si rolle når dei representerer kommunen som eigar eller interessent i eit selskap, stifting m.v. Det er viktig å skilje eigarskapsrolla frå andre roller for å sikre integritet ivareta kommunen sine interesser i vedkomande selskap.

Det er nyttig å ha rutiner eller prosedyrer for oppfølging av kommunen sine eigarinteresser, og gjennomgang av desse bør vere obligatorisk i starten av kvar kommunestyreperiode.

Eigarskapskontrollen kan delast inn i:

a) Selskapskontrollen

Kommunen sin revisor og kontrollutvalet har etter § 80 i kommunelova rett til utvida innsyn i alle interkommunale selskap (IKS) og i aksjeselskap som er 100 % eigde av ei eller fleire kommunar i fellesskap, samt i heileigde dotterselskap av desse.

Det ligg i retningslinjene at det er kontrollutvalet som avgjer omfanget av sin eigen selskapskontroll og som set opp planar for denne. Etter lova skal desse retningslinjene opp til revisjon og ny behandling for kvar ny valperiode.

Formålet med selskapskontrollen er å kontrollere om den som utøver kommunen si eigarinteresse, utøver denne mynda i samsvar med lovverket og tar vare på

kommunen sine eigarinteresser slik desse er klargjorde i vedtak og i formåla som ligg til grunn for at ein er eigar/medeigar i selskapet.

For å føre kontroll med om kommunen sine interesser som eigar/medeigar av eit selskap blir forvalta økonomisk forsvarlig, kan det vere aktuelt å vurdere selskapet sin status, økonomi og driftsmessige forhold som organisering, leining, omstillingsevne og oppnådde resultat sett i forhold til samanliknbare verksemdar. Selskapskontrollen omfattar ikkje ein regelmessig kontroll med forretningsmessige disposisjonar. Dette er ein kontroll som fell inn under styret sitt ansvarsområde.

For selskap innan offentleg tenesteproduksjon vil det også vere viktig å vurdere andre faktorar enn dei reint økonomiske. Det typiske for desse selskapa er at dei leverer kommunale tenester til innbyggjarane eller på annan måte er etablert for å løyse ei kommunal oppgåve.

b) Kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m. m.

Kontroll / oppfølging med kommunen sine øvrige engasjement i selskap som fell utanfor kontrollutvalet sin innsynsrett etter koml. § 80, kan gjennomførast utifrå § 77 nr 5 i kommunelova:

"Kontrollutvalet skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskapet m. m."

Omgrepet "interesser" i koml. § 77 nr 5 vil i mange tilfelle omfatte meir enn det som ligg i omgrepet "eigarinteresser" i koml. § 80. Omgrepet "interesser" vil fanne om bortimot alle engasjement – økonomisk og andre – som kommunen har teke i ulike selskap, foreiningar, stiftingar o. l. Her er det imidlertid ikkje (i motsetning til selskapskontrollen) nødvendigvis organisasjonen/selskapet sin eigen formålsbestemmelse som er kontrollgrunnlaget. Det avgjerande for kontroll er kommunestyret sitt eige frittståande formål for å engasjere seg i organisasjonen/selskapet.

Kommunen kan få inn i selskapsavtalen eller vedtektene, at det kan gjennomførast kontroll / utvida innsyn i selskap der andre eigarar deltek. Tilsvarande kan kommunen gjere føresetnad når ein gir tilskot eller næringsstøtte, at kommunen kan gjennomføre denne type eigarskapskontroll i dei selskap som får tilskot og støtte. Til dømes vil ein kommunal garanti vere ei slik kommunal interesse som vil kunne medføre kontroll og oppfølging av det selskapet/organisasjonen som har fått garantien. Slik kontroll vil også skje i selskap der kommunen ikkje har eigarinteresse.

Førebels er det få haldepunkt om korleis denne obligatoriske eigarskapskontrollen skal gjennomførast. Lovverket gir ingen detaljerte måtar å gjere det på. Det fins heller ingen standardar eller normer om korleis eigarskapskontrollen skal gjennomførast eller rapporterast. Kommunen har derfor utarbeidd eigne rutinar for dette.

Også dei selskap der ein har spesielt innsyn etter koml. § 80, vil bli underlagt dei reglane og rutinane for kontroll som her er oppretta etter koml. § 77 nr 5.

Formål med eigarskapet

Ein eigarstrategi bør definere kvifor kommunen eig selskapet eller har eigarinteresser i det. Vidare bør det også gå fram kva føresetnader som må vere til stades for at kommunen skal vere engasjert i selskapet også i framtida.

Ein har i dag ikkje eit generelt grunnlag for å meine noko om kommunen utøvar eigarrolla godt eller dårleg - det vil sei om dei kommunale representantane i styrande organ følgjer opp dei føresetnadane som låg til grunn då kommunen vedtok å bli medeigar i selskapet.

Sjølv om det ofte ligg implisitt i saka, er det sjeldan at kommunen uttrykkjer klare formål eller strategiar når ein går inn som deleigar i eit selskap. For nokre selskap, og spesielt dei interkommunale selskapa, vil det ligge ein selskapsavtale som dokumenterer formålet med eigarskapet. For aksjeselskap kan dette vere meir uklart og formålet kan og endre seg over tid.

Til dømes er det heilt andre føresetnader bak eigarskapen i Tussa i dag samanlikna med den tidlege fasa då kraftnettet vart utbygt.

For å kunne utøve kontroll med eigarskapet, må ein ha ei målsetjing å kontrollere opp imot.

I rutinane er det derfor presisert at kommunen må klargjere formålet med eigarskapet når kommunen gjer vedtak om å gå inn på eigarsida i eit selskap.

Kriterium for val av representantar til generalforsamling, styre o. l.

Her må ein skilje mellom kommunen sine representantar i representantskap og generalforsamling på den eine sida og styrerepresentantar på den andre sida.

Kommunen utøvar eigarmakt berre i representantskapet og på generalforsamlinga.

Styremedlemmane har sin lojalitet til selskapet og ikkje til eigar. Spesielt aksjelova har klare reglar på dette. Dette betyr ikkje at kommunen ikkje kan eller skal drøfte saker og spørsmål med "sine styremedlemmer" rundt om i selskapa, men ein må ha klart for seg kvar grensa går mellom kva eit styremedlem kan drøfte med eigar, og kva som er interne saker i selskapet. Ein skal her ikkje gløyme at styremedlemmane kan kome i personleg økonomisk ansvar for sine disposisjonar, eller manglande disposisjonar, i styret.

Kommunestyret utpeikar kommunen sine representantar til representantskap og generalforsamling dersom det ikkje er delegert til andre. Det er ikkje nødvendig at desse er medlemmar i kommunestyret eller er folkevalde. Det har vore tema i mange kommunar kor vidt det er heldig at ordførar vert valt inn i styre for aksjeselskap og interkommunale selskap m.v. Det er også på gang revisjon av kommunelova og forvaltningslova om rolleklarheit i kommuneforvaltninga. Det er m.a. foreslått at styremedlemmer automatisk vert inhabile når saker som gjeld selskapet skal handsamast i folkevalde organ sjølv om selskapet fullt ut er eigd av kommunen. Kommunaldepartementet etterlyser i samband med høyringa av lovrevisjonen også synspunkt frå kommunane om dei meiner at ordførarane skal ha høve til å sitje i t.d. styre for interkommunale selskap.

Ordføraren er kommunen sin rettslege representant, og det er også naturleg at ordføraren representerer eigarinteressene til kommunen ved generalforsamling og representantskap framfor å representere selskapsinteresser i ulike styres der kommunen er eigar/medeigar.

Det hender at innkallingar til representantskap og generalforsamlingar ikkje passar inn med møteplanen til kommunestyret, slik at kommunestyret ikkje kan oppnemne representant frå kommunen i møta. Det bør derfor vere praktisk at ordføraren får delegert fullmakt til å møte som eigarrepresentant for kommunen i alle selskap.

Den viktigaste oppgåva for generalforsamlinga og representantskapet er å velje styre. Eigarane sine representantar som møter i generalforsamling eller representantskap, må derfor vite kva eigarane ynskjer med selskapet og dermed velje det styret som samla er best til å ivareta selskapet på vegne av alle eigarane.

Kommunen må ha ei meining om kva kompetanse ein skal sjå etter når ein skal utpeike styrerepresentantar. Følgjande tre kriterium bør vektleggast:

- a) kva kompetanse treng selskapet
- b) kva erfaring er viktig å få inn i styret
- c) er det spesielle haldningar som bør prege styret

Nokre selskap har ei rein kommersiell målsetjing, medan andre kan til dømes vere oppretta for å få gjennomført ei konkret samferdselssak. Det kan derfor vere andre kriterier ein legg vekt på når kommunen utpeikar ein styrerepresentant i det kommersielle selskapet samanlikna med det selskapet som skal arbeide for ei samferdselssak.

Opplæring og løpande oppfølging:

Det å skulle representere betydelege samfunnsinteresser gjennom røystefullmakt på generalforsamling eller gjennom styreverv i ulike selskap, er nødvendigvis ikkje noko enkel oppgåve. Eigar bør derfor legge forholda til rette slik at den som blir utpeika til slike verv, får nødvendig kompetanse til å utføre vervet. Som styremedlem i aksjeselskap kan vedkomande bli økonomisk ansvarleg for disposisjonar som vert foretatt. Det er såleis viktig at den som blir utpeika i slike verv, får nødvendig innsikt i det ansvaret som ligg til den oppgåva som han/ho blir sett til å utføre. Kommunen som eigar har eit ansvar for at denne type opplæring blir gitt.

Administrasjonen i kommunen må vere tilgjengeleg for rådgjeving overfor kommunalt valde representantar. Ved generalforsamlingar og representantskapsmøte kan kommunen sin representant på førehand ha drøfta og vurdert selskapet sitt rekneskap og årsberetning med kommunen si økonomiavdeling. Tilsvarande vil det vere naturleg å bruke juridisk eller anna kommunal kompetanse når det er behov for det. I samband med generalforsamlingar og representantskapsmøte kan det vere aktuelt at administrasjonen deltar saman med politisk valde utsendingar for å kunne gje råd i saker som kjem fram under møtet.

Generell tilbakerapportering og tilbakerapportering i enkeltsaker

Det kan lett bli slik at kommunen utpeikar ein representant til styrande organ utan at det verken blir forventa eller at det faktisk skjer noko tilbakemelding frå denne representanten til kommunen. Når kommunen har valt å gå inn på eigarsida i eit selskap, ligg det ei målsetjing til grunn. Representanten som blir vald inn, skal då i utgangspunktet inn i styrande organ for å få gjennomslag for kommunen sitt formål med å vere medelgar i selskapet. Det er ein fare at ein representant kan representere seg sjølv eller sitt politiske parti i desse styrande organa og dermed distansere seg frå kommunen som utpeikte vedkomande. Dette vil nok variere frå person til person og kor sentral denne personen er i det politiske miljøet i kommunen. For ein person som sit i formannskapet vil det vere lettare å følgje opp

kontakten med kommunen, samanlikna med ein som ikkje sit i sentrale kommunale organ.

Det kan her vere snakk om både eit system med årlege tilbakerapporteringar til eigar og det kan vere å kome tilbake til kommunen når spesielt store saker eller saker som er svært relevante for kommunen sitt engasjement i selskapet, kjem opp til avgjer i selskapet sine styrande organ.

Administrativ oppfølging av selskapa sin økonomi

Som vedlegg til rutinane følgjer eit analyseskjema som Møre og Romsdal fylkeskommune brukar i si kartlegging av viktige økonomiske nøkkeltal i selskapa som del er engasjert i. Dette er ei enkel analyse som viser utviklinga over tid og der nøkkeltala er henta frå offentleg årsrekneskap, årsberetning og revisor si melding. Dersom det er behov for ytterlegare informasjon utover det som framgår av dei offentlege dokumenta, vil ein kunne ta kontakt direkte med selskapet for nærare avklaringar. I enkelte høve kan det vere aktuelt å halde møte med dei øvrige eigarane av selskapet og i særskilde høve kan det vere aktuelt å halde fleire oppfølgingsmøte gjennom året.

For fleire av selskapa vil imidlertid ikkje denne analysen ha like stor nytte då det ikkje skjer produksjon i selskapet i tradisjonell forstand. Men også i desse selskapa er det viktig å sjå den økonomiske utviklinga over tid.

Ein ser føre seg at administrasjonen har ein database beståande av eit skjema pr selskap og oppdaterer desse årleg. Desse kan saman med ei generell vurdering leggst fram for kommunestyret enten som eiga sak eller som referatmelding.

OPPSUMMERING / TILRÅDING

Det vert synt til vedlagde utkast til rutiner for kontroll av eigarskap og økonomisk engasjement, samt til oversikt over ulike selskap m.v som Herøy kommune er eigar, medelgar i. Oversikta vil verte ajourført etter kvart og kvalitetssikra m.o.t at alle selskap og stiftingar m.v. er med.

Rådmannen rår kommunestyret til å godkjenne rutinene.

Rådmannen rår vidare til at ordføraren får delegert fast fullmakt til å møte på vegne av Herøy kommune som eigarrepresentant på generalforsamlingar, representantskap og årsmøte m.v. der kommunen vert innkalla. Varaordføraren kan møte i ordføraren sin stad. Det vidare tilrådd at formannskapet får fullmakt til å oppnemne andre dersom ordføraren eller varaordføraren er forhindra til å møte.

Fosnavåg, 16.10.2007

Rune Sjurgard

OVERSENDINGSBREV TIL RÅDMANNSGRUPPA

a) Bakgrunn

Det vert vist til kommunestyresaker om selskapskontroll handsama i alle 7 kommunane på Søre Sunnmøre der det vart gjort følgjande vedtak:

1. Kommunestyret vedtok plan for selskapskontroll i samsvar med utgreiinga og kontrollutvalet sitt forslag til retningslinjer for selskapskontroll.
2. Kommunestyret ber formannskapet/rådmannen å utarbeide rutinar for kommunen sin kontroll med forvaltinga av kommunen si interesse i selskap. Saka skal leggast fram for kommunestyret innan 30.06.2006.

Alle kommunane i regionen gjorde tilsvarande vedtak etter at kontrollutvala hadde framtja sak om selskapskontroll i alle desse sju kommunane.

Framlegget til rutinar for eigarskapskontroll er utarbeidd av økonomisjefane i kommunane Ulstein, Herøy og Vanylven. Sekretæren for Søre Sunnmøre kontrollutvalisssekretariat har og deltatt i arbeidet med å utarbeide rutinane.

b) Eigarskapskontroll

Tradisjonelt har dei politiske rollene til folkevalde vore:

- ombudsrolla
- myndetvervsrolla
- samfunnsutviklingsrolla

I tillegg kjem det to roller som ofte vert utelåne, når folkevalderoller er tema. Desse to er eigarrolla og arbeidsgivarrolla. I denne saka vert eigarrolla vurdert nærtare.

Kommunestyret som kollegialt organ har ei eigarrolle med omsyn til kommunen sine selskap og selskap der kommunen er delagar. Aktivt eigarskap betyr at dei folkevalde brukar muligheta til aktivt å utøve eigarskap. For å kunne utøve eigarskap er det naudsynt med ei tverrpolitisk forståing for kvifor kommunen eig selskapet, kvifor kommunen har aksjar i selskapet eller kvifor kommunen deltar i eit interkommunalt selskap.

Ein strategisk eigar deltar aktivt i representantskap og generalforsamling i dei aktuelle selskapa. Vedkomande som representerer eigaren, røyster i samsvar med det som folkevalde organ på førehand har vorte samde om. Delakarane i representantskap og generalforsamling representerer kommunen som eigar og alleis ikkje seg sjølv eller som representant for eige parti. Sidan eigarrepresentantane i generalforsamling og representantskap skal formidle kommunestyret sitt flertal i dei enkelte sak, vil også ordføraren måtte undersøke fullmaktene sine og kommunestyret sine føringsar før vedkomande møter på vegne av kommunen i desse organa.

Det viktigaste motivet ein kommune har ved å etablere eller engasjere seg i eit sjølvstendig selskap, må vere at selskapet gir eit ekstra bidrag til kommunen sin samla tenesteproduksjon. Så lange selskapet er med på å realisere kommunen sine målsetjingar, er eigarskapet nyttig og interessant. Dersom selskapet ikkje lenger er naudsynt for å nå kommunale mål, eller kanskje til og med er ein trussel mot kommunal måloppnåing, må engasjementet i selskapet vurderast på nytt.

Mange kommunale selskap er oppretta for å tilby tenester til innbyggjarane i kommunen. I slike selskap vil det vere spesielt krevjande å utøve eigarrolla, då dei folkevalde både skal representere brukarane og dei som er kundar i selskapet.

Ein kommunestyrerepresentant har ulike roller og det kan til tider vere vanskeleg å skilje dei. Fleire kommunar har innført reglar eller vurdert å innføre reglar der kommunestyre- eller formannskapsmedlemmer ikkje skal ha styreverv i selskap der kommunen har eigarinteresser. Slike reglar blir ikkje foreslått her.

c) Hovudpunkta i rutinane

Det punktet som vert mest vektlagt i rutinane, er at dei lepende vert vurdert om selskap som kommunen har eigarinteresser i, vert drivne i samsvar med formålet som låg bak kommunen sitt engasjement i selskapa. Når kommunen går inn på eigarsida i eit selskap, må formålet med engasjementet klargjerast, slik at kommunen i ettertid kan vurdere om selskapet driv i samsvar med kommunen sin intensjon om å vere med.

Det vert vidare påpekt at representantane som møter på vegne av kommunen i generalforsamling og representantskap ikkje representerer seg sjølv eller partiet sitt. Ein føreset at desse representantane veit kva flertalet i kommunestyret meiner når dei møter i desse eigarmøta og uttaler seg og røyster på vegne av kommunen. Det vert og vurdert kva kriterier som skal ligge til grunn når kommunen utpeikar representantar til styrande organ i dei selskapa dei er engasjerte i. Vidare vert det slått fast at kommunen har eit ansvar for å lære opp og lepende følgje opp desse representantane.

Det vert og skissert ein modell som skal brukast til å følgje opp økonomien i dei selskapa som kommunen er økonomisk engasjert i. Denne modellen ligg som vedlegg. Saman med rutinehefte har kvar kommune også utarbeide ei oversikt over dei selskap som vert omfatta av kontroll / oppfølging.

Ulsteinvik 07.06.07

Kari Mætte Sundgot
Ulstein kommune
(sign.)

Jan Driveklepp
Herøy kommune
(sign.)

Halvard Takset
Vanylven kommune
(sign.)

RUTINAR FOR KONTROLL AV EIGARSKAP OG ØKONOMISKE ENGASJEMENT

1. Etablering av og engasjement i nye selskap som er omfatta av kontrollen Foresetnaden for at kommunen engasjerer seg som eigar i eit selskap skal gå fram av etableringsvedtaket.

1.1. Strategi for kva ein vil oppnå med eigarskapet/engasjementet
Det skal gå klart fram kva formålet for oppretting av selskapet er og om formålet kan oppfyllest innanfor eksisterande organisasjonsstruktur.

1.2. Val av selskapsform

Ved val av selskapsform må det vurderast om kva selskapsform som er best egna til å oppnå dei målsettingane ein vil oppnå med eigarskapet. Kva ansvar/risiko tek kommunen ved val av nemnte selskapsform, og om valet av denne selskapsforma gir tilstrekkeleg innsynsrett og representasjon i styrande organ for kommunen. Kva politiske vedtak ligg til grunn for oppretting og drift av selskapet.

1.3. Finansiering / eigenkapital til oppretting av selskapet

Kommunen skal budsjettere med midlar til eigenkapital / tilskot til opprettinga. Om behov skal det også budsjetterast med ytterlegare tilskot i økonomiplanperioden. Kostnads- og ansvarsfordeling mellom eigarane skal definerast.

1.4. Kommunen si oppfølging / kontroll med selskapet

I IKS og i heileigde kommunale aksjeselskap har kommunen sitt kontrollutval og revisor rett til innsyn i selskapet, jf. koml. § 80.

Ved oppretting av andre selskapsformer skal kommunestyret vurdere om kommunen skal krevje rett til innsyn i selskapet, jf. koml. § 77. Slik innsynsrett skal normalt krevjast.

Ret til innsyn må takast inn i selskapsavtalen eller i vedtektene.

1.5. Kommunen si oppfølging / kontroll ved garantiar og tilskot.

Ved tilsegn om kommunale garantiar, næringslette og andre tilskot skal kommunestyret vurdere om det skal krevjast rett til innsyn i selskapet / organisasjonen, jf. koml. § 77. Slik innsynsrett skal normalt krevjast.

2. Endringar av kommunen sin eigarandel i selskap og endringar av vedtekter

Når det skjer endringar i vedtekter eller i eigarstruktur i eit selskap der vi er inne som eigarar, skal kommunen spesielt vurdere dei forholda som går fram av punkta under:

2.1. Strategi for vidare eigarskap

Det skal vurderast om selskapet framleis oppfyller formålet som ligg til grunn for eigarskapet/engasjementet.

2.2. Økonomisk utvikling

Er innskoten kapital i behold? Er det naudsynt med utviding av eigenkapitalen og eventuelt innskot av ny eigenkapital?

Er drifta økonomisk forsvareleg, og i samsvar med regelverket?

Representerer dagens drift ein økonomisk risiko for eigarane?

Gjev den økonomiske analysen etter analysemodellen grunn til særskilt oppfølging, og er trenden i utviklinga positiv / negativ?

Er tidlegare merknader vedkomande drifta følgd opp?

2.3. Kommunen sin representasjon i selskapsorgan

Er kommunen representert i forhold til eigar-del eller selskapsavtale? Har kommunen vore representert på generalforsamling og i andre styrande organ?

2.4. Generalforsamling og representantskap

Gjev årsrekningskap, årsmelding eller andre saker på

generalforsamlinga/representantskapet grunnlag for å skifte ut eller gjere endringar i styret?

Er forslag til vedtektsendringar i samsvar med lov og kommunen sine politiske

vedtak?

Vart det gitt tilbakemelding til kommunestyre frå generalforsamlinga?

2.5. Kommunen sin kontroll av eigarskap og økonomiske engasjement

Er kommunen sikra rett til innsyn i selskapet i medhald av koml. § 77? Er det

ønskeleg med eit utvida rett til innsyn?

Er det kravd og gjennomført innsyn i selskapet, og er eventuelle avvik i rapportar følgd opp?

Gjev utført eigarskapskontroll grunn til å vurdere kommunen sitt eigarskap i selskapet?

3. Administrativt oppfølging av selskapa sin økonomi

Kommunen skal til ei kvar tid ha oversikt over dei selskap som kommunen er engasjert i, kven som til ei kvar tid representerer kommunen i selskapet og kva formålet med engasjementet er. Det skal gjennomførast ein årlig administrativ kontroll i kommunen opp mot desse selskapa. Utgangspunkt for kontrollen er å følgje opp økonomien i og formålet med engasjementet.

3.1. Økonomisk oppfølgingsmodell

Det er utarbeidd eigen analysemodell for kartlegging av økonomiske nøkkeltal, jf. vedlegg. Grunnlaget for analysen er den økonomiske situasjonen til selskapa basert på siste års årsmelding. Dersom det gjennom analysen kjem fram unormale avvik, kan det vere naturleg å ta kontakt med selskapet for nærare avklaring av situasjonen. Resultat av den administrative kontrollen vil vere grunnlaget for vidare rapportering i kommunen.

Som ein føresemd for å få til denne analysen må kommunane hente inn informasjon som:

- Årsrekneskap med revisjonsmelding
- Årsmelding frå styret.

3.2. Rapportering frå administrasjon

Det kan skiljast mellom generell rapportering og enkeltrapportering. Alle rapportar skal som utgangspunkt til kommunestyret. Det er kommunestyret som vil gi vidare fullmakt til kontrollutvalet for yttelagare oppfølging.

3.2.1. Generell rapportering

Generell rapportering skal som hovudregel leggjast fram for kommunestyret kvart år. Den administrative kontrollen med økonomiske nøkkeltal og kommentarar skal vere grunnlaget i rapporten. Dette er ein generell rapport som viser status. Kommunestyret kan med bakgrunn i rapporten be administrasjonen eller kontrollutvalet utføre vidare kontrollar.

3.2.2 Enkeltrapportering

Dersom det vert avdekt avvik som strir mot føresemden for engasjementet, skal det takast kontakt med selskapet for nærare avklaring. Ved manglande avklaring skal eigen rapport leggjast fram for kommunestyret slik at dei kan ta stilling til vidare handlingar.

4. Representasjon i styre og generalforsamling/representantskap

Utnemning av representantar skjer gjennom politiske vedtak. Ved slik utnemning bør mellom anna følgjande moment vurderast:

- er det eit kommersielt selskap eller eit selskap med eit ideelt eller politisk formål
- bør kommunen nytte fagfolk, eit mindre utval politiskarar eller ei meir generell fordeling av verv
- inhabilitet
- skal ordførar gjennomgåande vere kommunen sin representant på generalforsamling/representantskap

- generell gjennomgåande representasjon, og/eller gjennomgåande representasjon i ulike selskapstypar
- skal kommunen vere representert med same representant både i generalforsamling og i styre

5. Oppfølging, oppfølging og løpande dialog med representantane

5.1 Oppfølging

Representantar i styre, representantskap og generalforsamlingar, skal som hovudregel få tilbod om opplæring i starten av ny kommunestyreperiode. I opplæringa skal ein spesielt legge vekt på:

- informere om rettar og plikter representanten tek på seg ved å la seg velje til vervet
- la representanten få innsikt i kva ansvar han/hø kan pådra seg
- orientere om kven ein skal vere lojal overfor som vald representant. I dette ligg å skilje mellom verv der ein skal representere kommunen som eigar og verv der ein har ansvar overfor generalforsamling/representantskapet og selskapet
- informere om korleis eit selskap er organisert, forskjellen mellom generalforsamling og styre
- få generell opplæring i styrearbeid

Denne opplæringa kan med fordel gjennomførast felles for fleire kommunar.

5.2. Oppfølging og løpande dialog

Representantane skal som hovudregel få utlevert offentleg dokumentasjonen som kommunen har om

- formålet med kommunen sitt engasjement i selskapet
- eventuelle strategiar for eigarskapet
- vedtak i kommunen om forhold som gjeld selskapet
- økonomiske vurderingar som administrasjonen har gjort mot selskapet
- anna relevant informasjon som kan vere viktig for representanten for å kunne utøve vervet

Del valde representantane skal gjerast kjende med at dei kan nytte den kommunale administrasjonen som støttespelar i utøvinga av vervet dei er valde til å ivareta.

Representantane som møter på representantskap og generalforsamling skal representere kommunen og del vedtak som kommunen har gjort enten dette gjeld:

- eit konkret politisk vedtak som gjeld ei spesielt sak som skal til behandling i selskapet
- generelle føringar som gjeld selskapet eller som framgår av grunngjevinga for at kommunen oppretta eller engasjerte seg i selskapet
- generelle ratningslinjer i kommunen sin eigarskapspolitikk

Representantane må på eige sjølvstendig initiativ løpande vurdere om

- saker som skal handsamast skal leggast fram for administrasjonen eller politiske utval på førehånd
- offentlege opplysningar som dei blir kjende med ved utøving av vervet, skal tilbakerapporterast eller vurderast av kommunen
- ein ynskjer å ha med seg representantar frå administrasjonen til generalforsamling/representantskap

Vedlegg:

Oversikt over selskap som er omfatta av kontroll / innsyn

1. Analysemodell for utrekning av nøkkeltal frå rekneskapen
2. Kommuneleova §§ 77 og 80, samt forskrift om kontrollutval §§ 13 – 15

16.10.07

281

Vedlegg 1. Selskap som gir grunnlag for kontroll / oppfølging
Herøy kommune har økonomiske interesser i følgende selskap som gir grunnlag for kontroll / oppfølging:

I) Herøy kommune er med i følgende interkommunale selskap (IKS) og helleigde/fellesigde aksjeselskap med andre kommunar (selskapskontroll etter koml. §80):

- Dragsundbygg IKS
- Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS
- Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS
- Dragsund Asvo as

II) Vidare har kommunen eigarinteresser i følgende selskap (grunnlag for eventuelt innsyn er koml. §77):

- Dragsund Asvo as
- Leikanger Vassverk AL
- Mellustranda Vassverk AL
- Stemmedalen Vassverk AL
- Bergøy Vasslag
- AS Eiksundbrua
- Leikanger Grendahus PL
- Moltustranda Grendahus
- Ålesund og Giske Brusekskap
- Sunnmørshallen as
- Nordøyvegen as
- Hareid Fastlandssamband as
- Sande Fastlandssamband as
- Murtunet as
- Herøy Varmtvassbasseng as
- Andel Stiftinga Maritime Nordvest
- Stiftinga Herøy Næringsforum
- Andel sameiet Holmsild Brygge
- Tussa Kraft as
- Volda Industri as
- Knivsvegen as
- Sunnmøre Veginvest as
- Runde Miljøbygg as
- Kystvegutvikling AS
- Søre Sunnmøre kontrollutvalssekretariat

III) Følgjande organisasjonar og selskap har kommunen gitt økonomiske garantiar for:

- Herøy varmtvassbasseng
- Dragsundbygg IKS

- Troll-Myra Banehage as
- Troll-Lia Banehage as
- Tjervåg Idrettslag
- Kvalvikøy Vassverk as
- Nerlandøya Grendelag

IV) Andre selskap som kan vere gjenstand for kontroll grunna kommunen sitt engasjement i selskapet:
 Herøy kyrkjeleg fellesråd
 Søre Sunnmøre Regionråd

16.10.2007

Rune Sjørgard

Vedlegg 2, ANALYSEMODELL

ANALYSE AV SELSKAP - KARTLEGGING AV NØKKELTAL

SELSKAP:	2006	2007	2008	2009	2010
Selskapet sin aksjekapital					
Antal aksjer i selskapet					
Aksjar eigd av kommunen					
Kommunen sin eigarandel					
Evt. ansvarlege lån frå kommunen					
Evt. garantilar frå kommunen					
Avsatt til utbytte - kommunen sin del					
Driftsanalyse					
(kroner i hele 1000 kr)					
Driftsinntekter					
- endring i prosent					
Dekningsbidrag					
Dekningsgrad					
- endring i dekningsgrad i prosent					
Resultat før eksport, posier					
- endring i prosent					
Sjølvinansieringssvne					
Arbeidskapitalen					
- endring i prosent					
Likviditetsgrad					
Eigenkapitalprosent					

Tendens ☐ Positiv tendens siste året
☐ Negativ tendens siste året
☐ Negativ tendens siste 2 år eller svært negativ siste året

Kommentarer

Ar 2006

Ar 2007

Ar 2008

Ar 2009

Ar 2010



HERØY KOMMUNE
Økonomiavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2007/1683
		Arkiv:	037

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
112/10	Formannskapet	20.04.2010
63/10	Kommunestyret	06.05.2010

SELSKAPSKONTROLL REKNESKAPSÅRET 2008

Tilråding:

1. Kommunestyret tek saka om budsjettkontroll for rekneskapsåret 2008 til vitande.
 2. Kommunestyret registrerer at selskapskontrollen er ressurskrevjande, og at selskap der kommunen har større eigardel og/eller representerer økonomisk risiko bør prioriterast. Vidare bør det leggjast vekt på ei arbeidsfordeling mellom eigarkommunane der den enkelte vertskapskommune utfører grunnlagsarbeidet i selskapskontrollen og deler dette med dei andre eigarkommunane.
 3. Kommunane bør også samarbeide om gjennomføring av opplæring til eigarrepresentantar og evt styrerepresentantar. Når det gjeld opplæring av styrerepresentantar, så bør selskapa ha eit sjølvstendig ansvar ettersom styret er selskapet sitt organ/representerer selskapet.
 4. Kommunestyret syner til vedlagde rapportar og saksutgreiinga, og ber dei respektive selskapa merke seg kommentarane i saksutgreiinga.
-

Møtebehandling:

Karly Teige reiste habilitetsspørsmål, ho er tidlegare styremedlem i Herøy Varmtvassbasseng og pr. i dag tilsett. Karly Teige vert samrøystes kjend habil.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 20.04.2010

1. Kommunestyret tek saka om selskapskontroll for rekneskapsåret 2008 til vitande.
2. Kommunestyret registrerer at selskapskontrollen er ressurskrevjande, og at selskap der kommunen har større eigardel og/eller representerer økonomisk risiko bør prioriterast. Vidare bør det leggjast vekt på ei arbeidsfordeling mellom eigarkommunane der den enkelte vertskapskommune utfører grunnlagsarbeidet i selskapskontrollen og deler dette med dei andre eigarkommunane.
3. Kommunane bør også samarbeide om gjennomføring av opplæring til eigarrepresentantar og evt styrerepresentantar. Når det gjeld opplæring av styrerepresentantar, så bør selskapa ha eit sjølvstendig ansvar ettersom styret er selskapet sitt organ/representerer selskapet.
4. Kommunestyret syner til vedlagde rapportar og saksutgreiinga, og ber dei respektive selskapa merke seg kommentarane i saksutgreiinga.

Møtebehandling:

Karly Teige reiste habilitetsspørsmål då ho er tidlegare styremedlem i Herøy Varmtvassbasseng og pr. i dag tilsett. Ho fråtrer under behandling av habilitet. Karly Teige vert samrøystes kjend habil.

Arnulf Goksøyr reiste habilitetsspørsmål då han er styreleiar i Herøy varmtvassbasseng. Han fråtrer under behandling av habilitet. Arnulf Goksøyr vert samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, FVL. §6, 1. ledd bokstav e.

Henry Jøsokbakke reiste habilitetsspørsmål då han er styreleiar i Dragsundbygg. Han fråtrer under behandling av habilitet. Henry Jøsokbakke vert samrøystes kjend habil.

Idar Tarberg reiste habilitetsspørsmål då han er tidlegare styreleiar SSR. Han fråtrer under behandling av habilitet. Idar Tarberg vert samrøystes kjend habil.

Ole Brubakk reiste habilitetsspørsmål då han er styreleiar i Søre Sunnmøre Kommunerevisjon. Han fråtredde under behandling av habilitet. Ole Brubakk vert samrøystes kjend habil.

Gry Cecilie Sydhagen reiste habilitetsspørsmål då ho er styremedlem i SSR. Ho fråtrer under behandling av habilitet.

Gry Cecilie Sydhagen vert samrøystes kjend habil.

Bjarne Kvalsvik reiste habilitetsspørsmål då han er styremedlem i Tussa Nett. Han fråtrer under behandling av habilitet.

Bjarne Kvalsvik vert samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, FVL. §6, 1. ledd bokstave.

Dag Nærø reiste habilitetsspørsmål då han er vara i styret for Tussa Nett. Han fråtrer under behandling av habilitet.

Dag Nærø vert samrøystes kjend habil.

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 06.05.2010

1. Kommunestyret tek saka om selskapskontroll for rekneskapsåret 2008 til vitande.
2. Kommunestyret registrerer at selskapskontrollen er ressurskrevjande, og at selskap der kommunen har større eigardel og/eller representerer økonomisk risiko bør prioriterast. Vidare bør det leggjast vekt på ei arbeidsfordeling mellom eigarkommunane der den enkelte vertskapskommune utfører grunnlagsarbeidet i selskapskontrollen og deler dette med dei andre eigarkommunane.
3. Kommunane bør også samarbeide om gjennomføring av opplæring til eigarrepresentantar og evt styrerepresentantar. Når det gjeld opplæring av styrerepresentantar, så bør selskapa ha eit sjølvstendig ansvar ettersom styret er selskapet sitt organ/representerer selskapet.
4. Kommunestyret syner til vedlagde rapportar og saksutgreiinga, og ber dei respektive selskapa merke seg kommentarane i saksutgreiinga.

Særutskrift:

Økonomiavdelinga for vidare ekspedering til dei ulike selskapa
Kontrollutvalet

Vedlegg:

Oversikt over nøkkeltal og opplysningar for det enkelte selskap.

K-sak 183/07 om selskapskontroll og oppfølging av økonomisk engasjement.

Uprenta vedlegg:

Skriv frå økonomiavdelinga til dei ulike selskapa i samband med innhenting av data/opplysningar.

Saksopplysningar:

Kommunestyret vedtok i sak 183/07 om Selskapskontroll og oppfølging av økonomisk engasjement. I saka ligg dokumentet Rutiner for kontroll av eigarskap og økonomiske engasjement.

I kommunestyredokumentet går flg. fram:

Formålet med selskapskontroll er å kontrollere om den som utøver kommunen si eigarinteresse, utøvar denne mynda i samsvar med lovverket og tar var på kommunen sine eigarinteresser slik desse er klargjorde i vedtak og i formåla som ligg til grunn for at ein er eigar/medeigar i selskapet.

Kontrollutvalet si oppgåve er å sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen si interesse i selskapet m.m.

Arbeidet med selskapskontrollen er omfattande og det har tatt mykje tid. Det er sendt ut brev til 25 ulike selskap der ein har etterspurt rekneskap, vedtekter, revisjonsmelding, årsmelding etc. Vi har fått tilbakemelding frå 20 av desse selskapa og ein har etter beste evne vurdert desse ut frå det mottekne materialet.

Mange tilhøve skal vurderast i ei slik sak som t.d.:

- om nye selskap kommunen er involvert i er omfatta av kontrollen
- om det har skjedd endringar i kommunen sin eigardel i selskapa og om det har skjedd endringar i vedtektene
- om kommunen følgjer opp selskapa sin økonomi
- representasjon i styre og generalforsamling/representantskap
- opplæring, oppfølging og løpande dialog med representantane

Som vedlegg til saka finn de to sider med informasjon om kvart selskap. Det eine syner nøkkeltal frå rekneskapen og det andre inneheld opplysningar som er litt knytta opp til punkta ovanfor.

Vi har sett på selskap der kommunen eig aksjar, andelar, lutbrev og liknande, samt selskap der kommunen har ytt lån eller har stilt simpel kausjoner for lån.

Vurdering og konklusjon:

Det er viktig for kommunestyret å ha oversikt og kunne utøve kontroll med dei selskapa kommunen er involvert i. Denne første kontrollen vert å sjå på som ein start, og at ein i dei påfølgjande kontrollane går meir inn på prosedyrene i følgje intensjonen med kontrollen.

Med nokre unntak ser det ut til at selskapa har ordna økonomi med god likviditet og høg eigenkapitalfinansiering.

Unntaka har negativ eigenkapital men likviditeten er brukbar.

I komande saker der kommunen på ein eller annan måte involverer seg i selskap, lag, stiftingar eller liknande må ein setje som vilkår at kommunen får tilgang til nødvendige data i samband med selskapskontrollar. Det er viktig å passe på å stille slikt krav ved framtidig endring av selskapsvedtekter.

Kommentar til enkelte av selskapa der kommunen enten er medeigar eller har stilt lånegaranti pr rekneskapsåret 2008:

Dragsundbygg IKS

Rekneskapsen viser eit negativt brto driftsresultat på kr 101 056. Dette vert dekt av disposisjonsfond. Selskapet har god eigenkapital. Det er viktig at selskapet kan drive i balanse for å unngå å tære på eigenkapitalen.

Herøy Varmtvassbassen AS

Selskapet har negativ eigenkapital. Likviditeten er låg. Selskapet har positiv utvikling i drifta. Sjølve drifta er positiv, men resultat etter avskrivning er på minus kr 256 000. Kommunen har garantert for eit lån på kr 10,3 mill i selskapet som kan vere forbunde med risiko. Selskapet arbeider med større utvidingsplanar for badeanlegget basert på auka inntekter og større volum. Aksjekapitalen i selskapet bør styrkast.

Det er viktig at kommunen følgjer utviklinga til selskapet framover.

Trollmyra barnehage AS

Herøy kommune har stilt garanti for eit lån på kr 4,5 mill. Selskapet sin aksjekapital er på kr 100 000. Driftsresultatet etter skatt er på minus kr 114 000. Eigarane bør vurdere og styrke aksjekapitalen.

Trollia barnehage

Herøy kommune har stilt garanti for eit lån på kr 2,4 mill. Selskapet sin aksjekapital er på kr 100 000. Driftsresultatet etter skatt er på minus kr 443 000. Eigarane bør vurdere og styrke eigenkapitalen.

Stiftinga Herøyspelet

Driftsresultatet er positivt, men stiftinga har negativ eigenkapital. Ved evt underskot kan ein risikere at eigar må tilføre kapital. (Lånet er i ettertid sletta, slik at situasjonen er betre frå kontrolltidspunktet)

Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

Det har vore gjennomført grundig forvaltningsrevisjon av dette selskapet, og rapporten har vore handsama av kommunestyret. Rådmannen har derfor ikkje gått inn i historiske data for 2008 i samband med denne saka. Opplysningar frå selskapet etter nyttår tilseier at selskapet har store utfordringar. Kontrollutvalet har i sak 11/10 vist til at fleire tilhøva i selskapskontrollen er teke tak i, samtidig som det er forhold som det må arbeidast vidare med. Kontrollutvalet viser til at kontrollutvalet i Hareid skal ha ein ny kontroll av selskapet.

Ut frå både økonomisk storleik og risiko, samt viktigheita av miljøoppgåvene, så er det viktig at dette selskapet vert godt styrt og fungerer etter intensjonen. Rådmannen meiner det kan vere behov for å ta ein grundig selskapskontroll av reinhaldsverket i samband med selskapskontrollen basert på rekneskapen for 2009 seinare i år.

Generelt

Det er svært ressurskrevjande å følgje opp alle selskapa der kommunen er involvert i samsvar med prosedyrene for selskapskontroll. I åra framover bør det gjerast ei prioritering av selskap der kommunen har større eigardel og/eller som representerer økonomisk risiko. Vidare bør det leggjast vekt på ei arbeidsfordeling mellom eigarkommunane der den enkelte vertskapskommune utfører grunnlagsarbeidet i selskapskontrollen og deler dette med dei andre eigarkommunane.

Kommunane bør også samarbeide om gjennomføring av opplæring til eigarrepresentantar og evt styrerepresentantar. Når det gjeld opplæring av styrerepresentantar, så bør selskapa ha eit sjølvstendig ansvar ettersom styret er selskapet sitt organ/representerer selskapet.

Det bør også vere ei meir systematisk attendemelding til kommunestyret frå styrerepresentantane og eigarrepresentantane. Når det gjeld offentlege organ som IKS kan dette gjerast ved m.a. at referata frå møta vert sendt til kommunestyret. Når det gjeld aksjeselskap, så bør kommunestyret drøfte nærare på kva måte dette bør skje.

Fosnavåg, 10.03.2010

Rune Sjurgard

Geir Egil Olsen

VEDLEGG 1

OVERSIKT OVER SAMARBEID OG SELSKAP

Jostein Støylen

Fra: Jostein Støylen
Sendt: 14. august 2012 14:46
Til: 'erlend.krumsvik@heroy.kommune.no'
Kopi: Postmottak
Emne: VS: Plan for selskapskontroll
Vedlegg: 1081_001.pdf

PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL

Etter kommunelova § 77 nr 5 skal Kontrollutvalet sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m.

Forskrift om kontrollutval § 13 seier at minst ein gong i valperiden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, skal kontrollutvalet utarbeide ei plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal vedtakast av kommunestyret.

I samband med utarbeiding av planen er det viktig å få kartlagt kommunalt eigarskap i kommunale selskap og samarbeidsformer, og då treng eg dykkar hjelp.

Eg legg ved note 16 til kommunerekneskapen for 2011, og ber om at denne vert oppdatert ved evt endringar i 2012. Det bør og gå fram eigarskap og eigarandar (kva for selskap som heileigde kommunale, interkommunale og kva selskap som også har andel av private eigarar).

Så ynskjer eg ei oppstilling/oversikt over (skriv ned dei eg kjem på farta):

1. Interkommunale selskap.
 - Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (Sande)
 - Søre Sunnmøre reinhaldsverk IKS (Ulstein)
2. § 27 samarbeid der samarbeidet/selskapet er organisert som eige rettssubjekt.
 - Vest kontrollutvalssekretariat (Vanylven)
3. § 27 samarbeid der samarbeidet ikkje er organisert som eige rettssubjekt
 -
4. Andre samarbeid der det ikkje vert ført eige rekneskap (inngår i kommunerekneskapen)
 -
5. Andre selskap f.eks stiftingar der kommunen har gitt tilskot og har styremedlemmer osv.
 -
6. Andre opplysningar (Skriv her andre opplysningar du ynskjer å gi)

Det er viktig at det går fram kva kommune hovudkontoret ligg i. Dette då rådmennene har bestemt at rådmannen i kommunen der hovudkontoret ligg, har eit spesielt ansvar for oppfølging av det enkelte selskap. (Skriv kontorkommunen gjerne i parantes)

For å gjere svaret enkelt så returner gjerne denne e-posten med dei utfyllande opplysningane, men bruk då for eksempel raud skrift.

For spørsmål ta kontakt snarast.

Eg ber om snarleg tilbakemelding og helst innan 25.08.2012

Mvh

Vest kontrollutvalssekretariat - VKUS

Jostein Støylen

Dagleg leiar

Tlf. direkte 70030444 / 90187950

Tlf. sentralbord 70030440

NOTE 16:**OVERSIKT OVER AKSJAR OG ANDELAR****Aksjar**

Kontonr i balansen	Selskap/firma	2011 Bokført verdi	2010 Bokført verdi
22166105	Dragsund ASVO AS	190 000	190 000
22170120	Nordøyvegen AS	5 000	5 000
22170121	Hareid Fastlandssamband AS	104 000	104 000
22170122	Sande Fastlandssamband AS	30 000	30 000
22170126	Muritunet AS - A-aksjar	130 000	130 000
22170128	Herøy Varmtvassbasseng AS	1 000 000	1 000 000
22170132	Tussa Kraft AS (SE-aksjar)	55 192 000	55 192 000
22170133	Tussa Kraft AS	1 000 264	1 000 264
22170138	Volda Industri AS / Furene Industri AS	10 000	10 000
22170143	Sunnmøre Veginvest As	33 000	33 000
22170144	Runde Miljøbygg AS	1 501 000	1 501 000
22170145	Kystvegutvikling AS	50 000	50 000
22170146	Rovdefjordbrua AS	20 000	20 000
	Sum aksjar	59 265 264	59 265 264

Andelar

Kontonr i balansen	Selskap/firma	2011 Bokført verdi	2010 Bokført verdi
22170104	Leikanger Vassverk AL	7 200	7 200
22170105	Moltustranda Vassverk AL	3 600	3 600
22170106	Stemmedalen Vassverk AL	261 000	261 000
22170110	Herøy Valsslag BA	303 100	303 100
22170114	Leikanger Grendahus PL	50 000	50 000
22170115	Moltustranda Grendahus	439 900	439 900
22170129	Stiftinga Maritime Nordvest	1 000	1 000
22170600	Eigenkapitaltilskott KLP	9 301 933	8 350 687
22170601	Eigenkapitaltilskott KLP (NTTS)	12 940	12 940
	Sum andelar	10 380 673	9 429 427



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2012/1014
		Arkiv:	210

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
178/15	Formannskapet Kommunestyret	29.09.2015

BUDSJETTKONTROLL PER 31.08.2015

Tilråding:

Kommunestyret viser til sitt vedtak i K-sak 174/14 der kommunestyret innførte stans i tilsetting og vikarbruk i alle vakante stillingar, med unntak av turnusstillingar, undervisningsstillingar, stillingar knytt til ressurskrevjande brukarar, samt reinhald. Ved presserande behov for tilsetting i vakant stilling, skal dette avgjerast av formannskapet.

Kommunestyret innskjerpar no dette ytterlegare slik at det vert stans i all vikarbruk der det ikkje vert vurdert som heilt uforsvarleg. Denne vurderinga skal gjerast av den som har det faglege ansvaret.

Særutskrift:

- Vest kontroll, her
- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon, her
- Avdelingane, her

Vedlegg:

- [Kommentarar frå områda/avdelingane per 31.08.2015](#)

Saksopplysningar:

Herøy kommune har som kjent eit særst stramt budsjett i 2015. Mange utgiftspostar er sett lavt medan mange inntekstspostar er sett høgt. Dette gjev kommunen mange utfordringar dette året.

I økonomireglementet og i budsjettvedtaket står det at budsjettkontrollane per 30.04 og 31.08 skal handsamast av kommunestyret.

Tilbakemeldingar frå avdelingane

Avdelingane melder framleis om stramme budsjett. Dei fleste områda (avdelingane) melder om at dei vil gå i balanse i 2015. Barnehageavdelinga er nok den driftsavdelinga som vil gi oss dei største utfordringane i 2015. Bu- og habiliteringsavdelinga og Utviklingsavdelinga er truleg dei 2 avdelingane som vil klare å levere det største mindreforbruket i 2015.

Den største bekymringa er området som heiter Skatt, ramme, finans, skatt med meir. Her står utfordringane i kø og dei fleste av desse ser ut til å bli negative i 2015. Aksjeavkastninga er dårleg og var negativ per 31.08. Skatteinntektene er ikkje så høge som vi har budsjettert med, vi har ikkje klart å redusere talet på årsverk monaleg og på toppen av det heile kjem litt usikkerheit knytt til rente- og avdragskostnadane.

Tidlegare har vi også ytra skepsis knytt til pensjonskostnadar, pensjonsavvik etc, men samla sett bør vi ha avsett nok til dette i 2015. I tillegg kan ein håpe at avkastninga på ordinære bankinnskott blir litt høgare enn budsjettert.

Arbeidsløysa i området stig og det resulterer på kort sikt i auka utgifter til sosialhjelp. På litt sikt vil dette også gje utslag på reduserte skatteinntekter.

Når det gjeld skatt, ramme, finans etc vil mindreinntektene frå skatt/ramme sannsynlegvis utgjere om lag 3,0 mill kr i 2015. Her kan det sjølvstykke skjende endringar framover. Fleire viktige næringar i vårt område slit, noko som bl.a. har resultert i redusert arbeidstid, permitteringar og oppseiingar noko som vil ha innverknad på total skatteinntang i 2015. Det andre området ein har ei utfordring er knytt til innsparinga på 8,75 mill kr i samband med vedtak om tilsetjingsstopp/vakansar etc på administrative stillingar. Dette utgjere om lag 14-15 årsverk. Det tredje området er at Tussa AS gir eit lavare utbytte enn kommunen har budsjettert med for 2015. Denne reduksjonen er på i overkant av 0,5 mill kroner og det kan vere at vi kan klare å kompensere dette gjennom høgare finansavkastning (bankinnskot).

Vi slit også med avkastninga på aksjeinvesteringane våre (aktiv forvaltning). Per 31.08.2015 hadde vi ei negativ avkastning på desse midlane og ein kan fort oppleve at budsjettsprekken berre på dette området vil kunne utgjere 5,0 mill kr.

	Rekneskap 2015	Budsjett 2015	Avvik	Rekneskap 2014	Budsjett 2014	Avvik
Alle tal i 1.000 kr						
Lønn inkl sos. Utgifter	254 118	250 880	3 239	242 316	245 073	-2 757
Kjøp av varer og tenester	52 920	50 518	2 400	42 779	45 929	-3 150

Kjøp av varer og ten. som ersttar komm eigenprod	52 418	50 408	2 010	56 271	48 022	8 249
Overføringar til andre	50 931	37 793	13 139	81 990	67 357	14 634
Finansieringsutgifter	15 206	39 764	- 24 558	20 735	45 258	-24 523
Sum utgifter	425 593		- 3 769	444 092		-7 547
Salsinntekter	-43 501	-50 909	7 408	-41 311	- 45 892	4 580
Refusjonar	-25 866	-26 861	895	-24 079	- 28 853	4 775
Overføringar frå andre	-356 623	-341 587	-15 036	-355 536	- 349 681	-5 855
Finansieringsinntekter	-7 613	- 21 752	14 140	2 540	-36 814	18 204
Sum inntekter	-433 602	-441 009	7 406	-439 537		21 704
Mindreforbruk(-) / Meirforbruk (+)	-8 009	-11 646	3 637	4 555	-9 601	14 156

Både inntekter og utgifter har ein tendens til å bli utgiftsført på ulike tidspunkt frå eit år til eit anna. Dei 2 faktorane som oftast er i ubalanse er bruk av RDA midlar og finansinntektene og finansutgiftene (avdraga).

Av tabellen over ser eit at lønskostnadane har auka med 4,9% (11,8 mill kr) sett i høve til 31.08.2014. Det er ein større vekst enn lønsauken og mest sannsynleg skuldast denne auken større bruk av vikarar (og der i gjennom auka sjukepengerefusjonar).

Alle til i 1.000 kr	Rekneskap 2015	Budsjett 2015	Avvik	Rekneskap 2014	Budsjett 2014	Avvik	Endring 2015-2014	Brukt i % av Tot buds 2015
Politisk leiding	2 689	2 686	- 3	2 516	2 421	- 95	92	66,7
Adm. Leiding	3 486	2 581	904	3 057	2 029	1 028	-124	84,7
Servicetorget	1 866	2 094	-228	1 564	1 864	-300	72	56,2
Fellessekretariatet	1 610	1 422	187	1 455	1 390	65	122	72,9
Økonomiavdelinga	3 467	3 597	-130	3 822	3 930	-107	-23	61,3
Personal- og org. avd	6 124	5 201	924	5 927	5 151	777	147	76,0
IKT avdelinga	2 680	3 389	-709	4 955	2 912	2 043	-2 752	51,6
Overføringar	884	6 148	-5 264	5 712	5 862	- 150	- 5 114	9,6
Barnehageavdeliga	43 657	42217	1 439	45 049	40 668	4 381	-2 942	68,0
Skuleavdelinga	69 926	68 892	1 034	66 030	69 964	-3 934	4 968	64,3
Avd Barn, Familie og Helse	24 636	24 707	-70	20 842	22 030	1 188	1 257	64,5
Pleie- og omsorgsavd	66 875	67 209	-334	64 331	64 297	33	-367	63,3
Bu- og habiliteringsavd	22 946	23 988	-1 042	21 753	22 912	-1 159	117	60,6
Solsial og Flyktning (NAV)	6 964	6 214	750	8 404	6 094	2 310	-1 460	72,6
Kulturavdelinga	5 667	5 445	222	5 047	4 990	57	165	66,5
Utviklingsavdelinga	4 351	3 639	711	3 214	3 953	-738	1 449	75,1
Anleggs- og driftsavd.	12 706	10 099	2 607	10 889	12 660	1 771	836	79,6
Eigedomsavdelinga	13 881	11 252	2 629	11 224	10 405	819	1 810	80,4
Samhandlingsreforma	- 905	-6	-900	8 553	8 260	293	-1 193	0
Skatt, ramme, finans etc	-301 533	-302 421	888	-289 791	-301 395	11 604	-10 716	66,5
SUM	-8 025	-11 646	3 622	4 555	-9 602	14 156		

Vurdering og konklusjon:

Det negative med rapporten er manglande skatteinntekter og at ein ikkje har makta reduksjonen i talet på årsverk som ligg i budsjettføresetnadane. I K-sak 174/14 innførte kommunestyret stans i tilsetjing og vikarbruk i alle vakante stillingar, med

unntak av turnusstillingar, undervisningsstillingar, stillingar knytt til ressurskrevjande brukarar, samt reinhald. Ved presserande behov for tilsetting i vakant stilling skal dette avgjerast av formannskapet. Det kan no vere behov for å innskjerpe dette ytterlegare slik at det vert stans i all vikarbruk der det ikkje vert vurdert som heilt uforsvarleg. Denne vurderinga bør gjerast av den som har det faglege ansvaret.

Det positive er at avdelingane synest å ha kontroll med eiga drift, men tilbakemeldingane frå avdelingane tyder ikkje på at mange av dei vil få større mindreforbruk i 2015 slik tilfellet var i 2014. Likevel tyder tilbakemeldingane på at områda/avdelingane samla sett får eit mindreforbruk i 2015 også.

Basert på tilbakemeldingane er situasjonen slik:

Bu- og habiliteringsavdelinga, mindreforbruk på om lag	kr 1.000.000,-
Utviklingsavdelinga, mindreforbruk på om lag	kr 1.000.000,-
Økonomiavdelinga og Servicetorget, mindreforbruk	kr 250.000,-
Administrativ leining, mindreforbruk på om lag	kr 150.000,-
Anleggs- og driftsavdelinga, mindreforbruk på om lag	kr 1.000.000,-
Barnehageavdelinga, meirforbruk på om lag	kr 1.500.000,-
Kulturavdelinga, meirforbruk på om lag	kr 250.000,-
Sum, mindreforbruk på omlag	kr 1.650.000,-

Basert på tilbakemeldingar frå områda/avdelingane er den beste kvalifiserte prognosa eit mindreforbruk på om lag 1,65 mill kr. Både Utviklingsavdelinga og Anleggs- og driftsavdelinga melder at deira mindreforbruk skuldast vakanse i stillingar i 2015 – dvs mellom 1,4 og 1,6 mill kr.

Det som ødelegg det positive prognosa ovanfor er skatt/ramme, negativ aksjeavkastning og at ein framleis har 8,75 mill kr i innsparingskrav på vakante stillingar. Også rentekostnadane og avdragskostnadane kan bli høgare enn budsjettet, men ein voner at dette kan dekkast opp med høgare avkastning på ordinære bankinnskott og at samla pensjonskostnadar blir litt lavare enn budsjettet. Postane ovanfor kan fort utgjere mellom 10,0 og 16,0 mill kr. Håpet er sjølv sagt at samla meirforbruk i 2015 skal bli mindre enn det kommunen har «innestående» på sine disposisjonsfond. Per 31.08.2015 utgjer desse totalt 9,2 mill kr.

Konsekvensar for drift:

- Stadig strammare driftsrammer gjer at belastninga på dei tilsette blir større. På sikt kan det resultere i meir sjukmeldingar og etter ei stund lavare kvalitet på tenestene.

Konsekvensar for økonomi:

- Økonomien er stram og reservane minkar. Det gjer også dei statlege overføringane. Når staten/fylkesmannen no har starta å trappe ned tilskottet vil fekk pga høgare arbeidsgjevaravgift vil kommune etter 5 år få nær 10,0 mill kr mindre å rutte med. Reduksjonen frå 2014 til 2015 er på om lag 2,0 mill kr. Nær 1,0 mill kr av dette fekk vi kompensert gjennom nye skjønsmidlar frå fylkesmannen.

Fosnavåg, 22.09.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

Rapporteringstre	Enhetsleder vurdering avvik (kr)	Avvik hiå (kr)	Årsbudsjett	Avvik i %	Sentral vurdering	Status
10 Folkevalde	Akseptabelt	0	-3	4 031	0,00	Godkjent
12 Administrativ leing	Akseptabelt	0	-904	4 118	0,00	Godkjent
13 Servicetorget	Akseptabelt	0	248	3 353	0,00	Godkjent
14 Fellessekretariatet	Akseptabelt	0	-186	2 210	0,00	Godkjent
15 Økonomiavdeling	Akseptabelt	0	130	5 655	0,00	Godkjent
16 Personal- og organisasjonsavdelinga	Akseptabelt	0	-924	8 061	0,00	Godkjent
17 Informasjonsteknologi	Akseptabelt	0	711	5 196	0,00	Godkjent
18 Overføringer	Akseptabelt	0	5 098	8 977	0,00	Godkjent
21 Barnehagar	Akseptabelt	0	-1 431	64 228	0,00	Godkjent
22 Grunnskular,PPT,Kulturskulen m.m.	Akseptabelt	0	-1 030	108 812	0,00	Godkjent
31 Barn, familie og helse	Akseptabelt	0	92	38 195	0,00	Godkjent
32 Pleie og omsorgsavdelinga	Akseptabelt	0	770	105 648	0,00	Godkjent
33 Bu- og habiliteringsavdelinga	Akseptabelt	340	1 027	37 867	0,90	Godkjent
34 Barnevernsavdelinga	Akseptabelt	0	0	0	0,00	Ikke rapportert
38 Sosial og flyktning	Akseptabelt	0	-750	9 593	0,00	I arbeid
40 Kulturavdelinga	Akseptabelt	0	-859	8 522	0,00	I arbeid
50 Utviklingsavdelinga	Akseptabelt	0	-711	5 792	0,00	Godkjent
51 Anleggs- og driftsavdelinga	Akseptabelt	0	-2 607	15 961	0,00	Godkjent
60 Eigedomsavdelinga	Akseptabelt	0	-537	17 276	0,00	Godkjent
70 Samhandlingsreforma	Akseptabelt	0	900	0	0,00	Godkjent
90 Skatt, ramme, finans, tilskot	Alvorlig	-20 000	-722	-453 466	-4,41	Godkjent
Sum		-19 660	-1 689	30	65533,33	

Beskrivelse	Rekneskap i fjord pr.dato	Rekneskap hittil i år	Rev. budsjett hiå	Avvik hiå	Forv. avvik 31.12	Rev. årsbudsjett	Forventet årsresultat	Forbruk i %
Sum totalt	4 321	-9 937	-11 626	-1 689	-19 660	30	19 690	-33123,42
Utgifter	443 453	422 435	429 176	6 741	-17 000	661 467	678 467	63,86
Løn inkl. sosiale utgifter	242 316	254 132	250 880	-3 252	-8 000	393 920	401 920	64,51
Kjøp av varer og tenester	98 526	102 518	100 906	-1 612	0	151 420	151 420	67,70
Overføringer og andre utgifter	102 611	65 785	77 390	11 605	-9 000	116 127	125 127	56,65
Inntekter	-439 133	-432 372	-440 802	-8 430	-2 660	-661 437	-658 777	65,37
Salsinntekter	-41 091	-42 646	-50 909	-8 263	0	-76 394	-76 394	55,82
Refusjon sjukeløn	-10 268	-14 239	-7 130	7 109	0	-10 673	-10 673	133,41
Andre refusjonar og tilskot	-387 773	-375 486	-382 763	-7 277	-2 660	-574 369	-571 709	65,37
I alt	4 321	-9 937	-11 626	-1 689	-19 660	30	19 690	-33123,42

Folkevalde

Det ser ikkje ut til å verte eit vesentleg avvik på dette ansvaret i 2015.

Administrativ leing

Ansvar 1221 Administrativ leing Eg kan ikkje sjå at det skal verte eit vesentleg avvik på dette ansvaret i år.
Ansvar 1223 Bulyst Eg kan ikkje sjå at det skal verte eit vesentleg avvik på dette ansvaret i år. Ansvar 1224

Folkehelse Det ligg an til å verte eit mindreforbruk på dette ansvaret på ca 150.000. Ansvar 1226 Innkjøp Eg kan ikkje sjå at det skal verte eit vesentleg avvik på dette ansvaret i år. Samla sett mindreforbruk på kr 150.000,-.

Servicetorget

Det er vakanse i avdelinga og gjort budsjettendringar for løn for 7 mnd.

På utgiftssida er det ikkje gjort fordeling av utgifter til telefoni. Det viser derfor eit overforbruk her. Utgiftene på denne kontoen skal vere telefonutgifter rådhuset. Det som no er belasta er telefonutgifter for heile organisasjonen.

Til tross for dette har servicetorget eit positivt avvik på 7,4%.

Dette kjem av: - det er ikkje nytta midlar til kurs og anna i avdelinga dei fyrste 6 mnd. - høgre inntekter enn budsjett.

I haust vert det ein del utgifter i samband med konferansar. Det er vanskeleg å sei noko om korleis inntektene vert. Uansett ser ein føre seg eit mindre forbruk på rundt 3,5% - kr 100.000,-.

Fellessekretariatet

Ein legg til grunn at det ikkje skal verte eit vesentleg avvik på dette ansvaret i 2015.

Økonomiavdeling

Økonomiavdelinga har det meste av året jobba under høgt trykk pga sjukmelding og manglande vikarinnleige. Det gjer at mange i avdelinga har ein del ferie til gode samt at mange har opparbeidd seg høg flexisaldo. Dersom noko av dette skal honorerast ved årsslutt vil avdelinga gå i balanse. Dersom dette ikkje blir honorert men overført til 2016 vil vi kunne ha eit mindreforbruk ved årsslutt på kr 100.000,- ++. Då vil ein imidlertid kunne oppleve bemanningsproblem i 2016.

Personal- og organisasjonsavdelinga

Etter ny gjennomgang av rekneskapen ser utsiktene betre ut enn fyrst rekna med mtp. varer og tenester. Sjølv om forbruket p.t. synes å vere for stort, skuldast dette bl.a. at ein har betalt store faktura som gjeld for fleire terminar og ein vantar refusjonar.

Lønsmessig vil vi få eit meirforbruk på verneombod, men eit lågare forbruk på lærlingar.

P.t. er estimatet at avdelinga vil gå omlag i null.

Informasjonsteknologi

Utgifter: Avviket i lønsutgifter vert dekt inn av refusjon av sjukeløn. Ingen store avvik forventast i forhold til dei postane. Det er usikkerheit rundt kostnader knytt til microsoft lisensar i år, noko som kan vise igjen på driftsbudjettet. Det har vorte avdekt at vi er underlisensiert. Mest truleg kan vi løyse dette på neste års budsjett ved å lease lisensar frå microsoft framfor å kjøpe dei. Vi jobbar med eit felles opplegg på lisensar for alle kommunane i sjustjerna. Kjem tilbake med meir informasjon.

Inntekter: Vil bli sjekka opp korleis betalinga for kjøp av IKT-tenester for legekontora vart ført. Vi får også inn noko inntekter frå Herøy kyrkjelege fellesråd når den formelle avtala om leige av IKT-tenester er på plass.

Overføringer

Dette kapittelet er det vanskeleg å styre då det varierer mykje frå år til år alt etter kva som blir utgiftsført av RDA utbetalingar. Om ein ikkje samstundes regulerer dette med tilsvarande aktivering frå bundne fond vert det eit meirforbruk på overføringskapittelet. Dette er normalt eit område som går i balanse (rekneskap og budsjett) og det voner vi det gjer i år også.

Barnehagar

Avviket skuldast at det er betalt ut kommunalt tilskot til og med for september 2015. Periodiseringa stemmer difor ikkje. Det er vanskeleg å peike på nøyaktig prognose for 2015 pga kommunalt tilskot til private barnehagar. Vi er ennå ikkje ferdig med etterrekning tilskot etter rekneskapsavslutninga for 2014. Eventuelt meirutbetaling (noko vi trur det blir med minimum 1,3 mill kr) gjer at ein kan berekne eit tilsvarande meirforbruk for 2015. Kommunen får auka utgifter pga av ordninga med redusert betaling for barnehageplass gjeldande frå 1. mai 2015 og ordninga for gratis 20t barnehage per veke for føresette med inntekt under kr. 405 000,- gjeldande frå 1. august 2015. Kommunen har fått tilført ein sum i rammetilskotet for 2015 for å møte dette, men dette er pengar i følge økonomileiar som allereie er fordelt. Ekstra utgifter for Herøy kommune i 2015 kan bli ca kr 180 000,- Ordninga gjeld og private barnehagar som vil sende refusjonskrav til Herøy kommune på tapt inntekt dei har som følge av ordninga.

Det er rekneskapsført meir refusjon sjukepengar enn budsjett (ca. kr.380 00)

Barnehageavdelinga kan ikkje gå med vakante stillingar, og har difor ikkje noko å melde her. Barnehagane

sparar vikarutgifter om det i perioder er færre barn slik at tapt foreldrebetaling går opp med redusert e lønnsutgifter.

Grunnskular,PPT,Kulturskulen m.m.

Utgifter: På budsjett. Faste lønnsutgifter høgare enn budsjett. Hovudårsak: Tilsette inne på årsvikariat er ført på fast lønn, til liks med dei som er ute i lønna langtidsfråvær (sjukdom, omsorgsperm). Jfr refusjon sjukelønn og foreldrepengar, som ligg vel 1 mill over budsjett. Stram drift generelt, tilseier kjøp av varer og tenester for 2 mill under budsjett.

Inntekter: Meirinntekter på 1 mill over budsjett. I hovudsak grunna refusjon sjukelønn.

Refusjon frå IMDI jfr. norskopplæring for vaksne, har endå ikkje blitt utbetalt i år. Dette er årsak til at vi ligg lavt på andre refusjonar og tilskot, i høve budsjett.

Prognose: Forventar å halde budsjettamma samla sett. I fjor på same tid hadde skuleavd eit samla forbruk på 60%. Vi gjekk då ut med eit stort mindreforbruk på årsbasis. Dette er annleis i år, etter redusert ramme for 2015. Det samla forbruket ligg no på 64%.

Barn, familie og helse

Helseområdet har eit meirforbruk per 31. august. Dette skuldast høgare utgifter og lågare inntekter enn på same tid i fjor. Legesituasjonen har vore slik at det har vore ein stor bruk av vikarar. Dette medfører utgifter såvel til formidling som til dekning av utgifter til vikarane. Det er og manglande førte inntekter som refusjon frå andre kommunar og tilskot.

Når det gjeld årsresultatet for helseavdelinga er det forventa at det skal gå i balanse ved årets slutt. Det er likevel endå ein del usikkerheit rundt vikarbruken som kan føre med seg auka kostnader.

Det er eit positivt avvik innan barnevern. Det er likevel ikkje slik at det er sannsynleg at året vil resultere med eit mindreforbruk. Barnevernet har per i dag eit meirforbruk når det gjeld barneverntiltak i familien, mens det for tiltak utafor familien er eit mindreforbruk. Det er knytt stor usikkerheit til om det vil verte eit mindreforbruk ved slutten av året. Fleire saker, som vil kunne føre med seg store utgifter er i arbeid. Utgifter knytt til utredning og handsaming i fylkesnemnd/domstolar kan kome på slutten av året. Vi vil følgje dette nøye frametter og vil rapportere endringar så snart vi veit noko meir konkret.

Slik situasjonen er per dato vil det bli omleg samsvar mellom budsjett og rekneskap for 2015

Pleie og omsorgsavdelinga

Pleie- og omsorgsavdelinga ligg betre an på lønsutgifter enn på same tid i fjor. Dette skyldst aktiv sparing av vikarar. Dette har ein lukkast med fordi ein har hatt noko ledig kapasitet i sjukeheim, og ved å skyve på/nedprioritere arbeidsoppgåver. Avdelinga har spart inn det som er pålagt i rammekutt, men dette er pr dato ikkje trekt frå ramma. Tal vert sendt økonomileiar i eige vedlegg. Vi har fått inn 6.5 millionar i refusjon sjukelønn, mot 4,8 på same tid i fjor. Vikarbehovet er dermed større. Det er vanskelig å skaffe kvalifiserte vikarar, og det viser igjen på overtidsbudsjettet. Dette har vore aukande siste åra, og forbruket er ikkje i samsvar med budsjettet. Dette vert meldt som nytt tiltak i neste års budsjett. Dei øvrige driftspostane ligg som tidlegare år på eit meirforbruk på om lag ein halv million pr august. Desse vart oppjustert noko i fjorårets budsjett, men er framleis underbudsjetterte. Dette er kjent gjennom tidlegare rapportering. Når det gjeld inntekter kom vi om lag i balanse i fjor. Vi ligg litt under i år, men håper framleis at vi vil kome i mål på inntektssida. Dette er avhengig av brukargruppa framover. Oppsummert er målet å greie pålagt innsparingskrav for 2015.

Bu- og habiliteringsavdelinga

Bu- og habiliteringsavdelinga er samla sett i rute. Vi har eit lite positivt avvik per d.d. Ein del skuldast utbetalingar vi har kvartalsvis, og ved slutten av året. For å klare rammenedsparinga som avdelinga er pålagd, må vi halde kostnadane nede der vi kan. Vi har hatt ei innsparing på vakanse i heimetenesta, som er meldt inn til økonomileiar.

Bu- og habiliteringsavdelinga har frå ultimo juni auka drift i samband med auke i tenesteleveranse i nye omsorgsbustadar. Den auka drifta vert i hovudsak økonomisk kompensert av tilsvarande auke i statstilskot, men noko må dekkjast innanfor eige budsjett for å kome ut i balanse. Dette er grunngeve i ei eiga sak til politisk handsaming.

Trass auke i drift har avdelinga som mål å kome ut med eit "overskot" også i 2015. Dette så lenge statleg refusjon for ressurskrevjande helse og omsorgstenester ikkje vert endra i vesentleg grad, ved framlegg av neste statsbudsjett. Med utgangspunkt i drift i 2015, og erfaringsmessig tilskot for 2014, er det grunnlag for å tru at tilskotet vert ca 1 million meir enn snarleg justert budsjett. Helde vi "stand" ut året på kostnadssida, vert dette då eit økonomisk overskot.

Kulturavdelinga

Rekneskapen pr. august 2015 viser eit netto forbruk på dei ulike tenestekområda på vel 82 % av samla nettoramme. Meirforbruket har si årsak i fylgjande: - 4051 Bibliotek, avvik primært grunna periodisering. - 4031 Fritidsklubb/ungdomstiltak og 4032 Arrangement, avvik grunna ikkje inntektsført tilskot - 4041 Kulturhus

og idrettshall, avvik grunna manglande inntektsføring av leigekrav frå faste leigetakarar. I tillegg er det noko meirforbruk på lønskostnader bl.a. grunna vikar ifm. sjukefråvær frå tidlegare i 2015. - 4061 Konserthus. Det er eit betydeleg meirforbruk på konserthuset pr. aug. Noko av årsaka har si grunngeving i manglande samsvar mellom registrerte inntekter i billettsystem og rekneskapen. Dette er noko avdelinga ser nærare på. Det er sett i verk tiltak for å begrense utgifter særleg knytt til artisthandtering og reiser. På generelt grunnlag vert det arbeidd med å nytte tida til å finne gode rutinar og gjere oss erfaringar når vi no nærmar oss fyrste heile driftsår. På fleire tenestemåtar gjenstår overføringar, tilskot, refusjonskrav. Prognosane for kulturavdelinga tyder på eit meirforbruk på kr. 250 000 knytt til at det nyleg er oppdaga dobbel føring av sponsorinntekter i 2014, samt eit meirforbruk knytt til drifta av konserthuset grunna lavare billettinntekter enn budsjettet.

Utviklingsavdelinga

Samla sett viser rekneskapen for utviklingsavdelinga eit meirforbruk på om lag 711 490.- pr. 31.08.2015. Alt er basert på ei periodisering av utgifter og inntekter fordelt tilnærma likt pr. månad.

På inntektsida (gebyr og avgifter) for plan, bygg og oppmåling ligg ein slik an ved denne månadsrapporteringa: Budsjetterte inntekter periode januar-august : kr 1 728 000.- Regnskapsmessige tall for periode januar-august : kr 1 949 000.-

Avvik mellom budsjett og regnskap er positivt kr 221 000.-

Plan har mindrentekter i forhold til budsjett på kr 200 000.-. Byggesak har meirinntekter i forhold til budsjett på kr 382 000.-. Oppmåling har meirinntekter i forhold til budsjett på kr 38 000.-.

Hovedpostar Drift:

Utgifter, meirutgifter på : 1 855 236.- Inntekter, meirinntekter på : 1 143 746.- Sum, negativt : 711 490.-

Hovudårsak til avvik mellom rekneskap og budsjett er, meirutgifter kjøp av varer og tenester

(Byutviklingsprosjektet), meirutgifter på overføringer til andre, meirinntekter samla sett og refusjonar.

Det er ført ein del utgifter på konto 12700, 11205 og 11151 som er knytt til diverse prosjekter som avdelinga seinare vil få refundert. I tillegg til dette er lisensutgifter høge, men dette er normalt og vil gå i balanse mot årslutt.

Utgifter til byutviklingsprosjektet vert refundert før årsavslutning og resultatet til avdelinga vil slik det ser ut no gå ut med positivt resultat med god margin.

Konklusjon:

Totalsituasjonen er god og avdelinga vil levere eit godt resultat i 2015. Før ein korrigerer for vakansar etc utgjør mindreforbruket omlag 1,0 mill kr.

Anleggs- og driftsavdelinga

Pr. 31.08.2015 syner rekneskapen etter justering for feilføringar, interne føringar og inntekter som ikkje er rekneskapsført m.m. eit forbruk på om lag 90% av periodisert budsjett. Det er berre små avvik innan dei ulike tenestene etter justering. Det har hittil i år vore ei innsparing på løn pga. vakansar på om lag 165' kroner på drifta. På årsbasis reknar ein med ei total innsparing på løn på om lag 600' kroner. På drifta elles vil ein anslå ei innsparing på om lag 400' kroner dersom det ikkje oppstår uforutsette forhold/hendingar.

Eigedomsavdelinga

Netto rekneskap viser eit forbruk på 84 % av tildelt netto ramme. Samanlikna med periodisert budsjett, har avdelinga såleis eit meirforbruk pr rapporteringsdato. Eigedomsavdelinga arbeidar likevel hardt for å halde seg innanfor tildelt ramme i 2015, og ynskjer difor å knyte merknader særleg til fylgjande ansvarsområde

Løpande drift – ansvar 6022 og 6023 Ansvar 6022 gjeld løpande og uforutsette driftskostnader for formålsbygg. Ansvar 6022 har sidan eigedomsavdelinga vart oppretta, avsett kr. 1 mill. årleg til uforutsette driftskostnader. Budsjettposten har såleis ikkje vore justert verken for generell eller spesiell prisstigning sidan 2002 og viser pr. rapporteringsdato eit meirforbruk på om lag kr. 200 000.

Budsjettet for løpande drift vart i 2013 styrka gjennom avsetning av ytterlegare kr. 500 000 til løpande drift av utleigebustadar, sjå ansvar 6023. Om lag kr. 270 000 av rekneskapsførte kostnader på ansvar 6022 skal førast her. Dette betrar situasjonen noko for ansvar 6022, men det er likevel klart at ei avsetning på kr. 1 mill. årleg er for lite. Avdelinga vil difor i budsjett 2015 krevje styrking av driftsbudsjettet på dette punkt.

Skadesaker – ansvar 6024 Det er oppretta eit eige ansvarsområde for skadesaker knytt til kommunale bygg.

Ansvar 6024 viser pr rapportering ei likviditetsbelastning på om lag kr. 2 mill. Det vesentlege av dette er venta refundert frå forsikringsselskapet innan årets utløp. Avdelinga sitt totalforbruk vert tilsvarende redusert, ned mot nivå for periodisert budsjett pr. rapporteringsdato.

Planlagt vedlikehald – ansvar 6031 Ansvar 6031 gjeld vedlikehaldsplan for det einskilde år. Det er avsett eit budsjett på om lag 3,4 mill til dette i 2015 derav 65 % forbruk er rekneskapsført pr. rapportering.

Reinhald – ansvar 6051 Ansvar 6051 gjeld reinhald og viser eit forbruk pr rapportering på 61 % av budsjett, eit underforbruk i høve periodisert budsjett.

Avdelinga har sett i verk eit relativt omfattande arbeid for å heve kvaliteten på kommunalt reinhald.

Kostnadsreduksjon er forventa, noko rekneskapen syner både i forhold til lønskostnader og andre kostnader.

Avdelinga fortsett dette arbeidet utover i 2015 og 2016.

Samla sett vurderer difor underteikna det som realistisk å halde avdelinga sitt tildelte budsjett, men presiserer likevel at tilstanden i kommunale bygg er av ein slik karakter at uforutsette kostnader som ein ikkje kan vente med å utbetre, vil oppstå innanfor rekneskapsåret med ei tilsvarende belastning av tildelte budsjettmidlar.

Skatt, ramme, finans, tilskot

Her er det sær sars mange usikre postar. 1. Skatt/ramme. Trass i at kommunane har fått meir overføringar enn i opprinnele budsjett for 2015 har Herøy kommune sine skatteinntekter blitt lavare enn budsjettert. Vi har budsjettert med i overkant av 258,0 mill kr i skatt, men bil truleg berre få 247,0 mill i skatteinntekter. Det gjer at rammetilskottet blir omlag 8,0 mill høgare enn budsjettert og at samla mindreinntekter her vil bli omlag 3,0 mill kr.

2. Herøy kommune har budsjettert med vakansar, stillingsstopp tilsvarande 8,75 mill kr for 2015. Hittil har dei fleste ledige stillingar blitt lyst ut igjen slik at ein ikkje klarer dette innsparingsmålet. Kanskje vil meirkostnadane her utgjere omlag 8,0 mill i høve til budsjettet.

3. Finans. Slik det ser ut per dato vil kommunen sine aksjeinvesteringar gå dårleg i 2015 og mindreinntektene vil fort kunne utgjere 5,0 mill kr. Dersom ein også tek med at rentekostnadane på lån samt avdragskostnadane på lån blir høgare enn budsjettert kan dette til saman utgjere nye 5,0 mill kr.

Framlei er kostnadane knytt til pensjonsavvik og amortisert pensjonsavvik usikre, men enn så lenge vel vi å ikkje meine noko om kostnadane her.

Konklusjonen blir at Herøy kommune vil få auka kostnadar/mindreinntekter knytt til dette ansvarsområdet på opp i mot 20,0 mill kr i 2015.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Eigedomsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr:	2015/1304
		Arkiv:	614

Utvalsaksnr **Utval**
179/15 Formannskapet

Møtedato
29.09.2015

LEIKANGER SKULE - TILBYGG 2016 - OMDISPONERING AV INVESTERINGSMIDLAR

Tilråding:

1. Det gjerast slik omdisponering av løyvde investeringsmidlar i budsjettet for 2015:

Prosjekt	Budsjett 2015	Endring
Frøystad skule – riving	800 000,-	- 150 000,-
Eggesbøvegen 20 – riving	1 000 000,-	- 150 000,-
Herøy rådhus - planlegging	250 000,-	- 100 000,-
Einedalen skule – planlegging av fleirbrukshall	250 000,-	- 100 000,-
Leikanger skule – tilbygg 2016	0,-	500 000,-
Sum	2 300 000,-	0,-

Særutskrift:

Eigedomsavdelinga
Anlegg- og driftsavdelinga
Økonomiavdelinga

Vedlegg:

Saksopplysningar:

Saka gjeld Leikanger skule, tilbygg 2016, omdisponering av løyvde investeringsmidlar.

Bakgrunn

Kommunestyret handsama i K-sak 109/15 Utviklingsplan for kommunale bygg 2015-2020.

Kommunestyret tok, som del av budsjettprosessen for 2016, saka til førebels orientering. Det vart under handsaminga av saka likevel gitt klare føringar for at eigedomsavdelinga skal jobbe vidare med eit tilbyggprosjekt ved Leikanger skule for å sikre naudsynt areal ift. utviklinga i elevtal.

Omdisponering av løyvde investeringsmidlar

Det er ikkje løyvd planleggingsmidlar eller investeringsmidlar i gjeldande budsjett- og økonomiplan til prosjektet. Eit tilbygg ved Leikanger skule bør ferdigstillast hausten 2016. Det er difor behov for planleggingsmidlar til interne lønskostnader og for eventuell ekstern konsulenthjelp, slik at arbeidet kan starte opp umiddelbart.

Eigedomsavdelinga tilrår difor omdisponering av allereie løyvde investeringsmidlar for 2015, slik:

Prosjekt	Budsjett 2015	Endring
Frøystad skule – riving	800 000,-	- 150 000,-
Eggesbøvegen 20 – riving	1 000 000,-	- 150 000,-
Herøy rådhus - planlegging	250 000,-	- 100 000,-
Einedalen skule – planlegging av fleirbrukshall	250 000,-	- 100 000,-
Leikanger skule – tilbygg 2016	0,-	500 000,-
Sum	2 300 000,-	0,-

Vidare framdrift

Eigedomsavdelinga har utarbeida slik førebels framdriftsplan for prosjektet:

Milepæl	Dato
Godkjenning av byggeprogram i kommunestyret	26.11.2015
Godkjenning av konkuransgrunnlag i plan- og byggenemnda	04.12.2015
Vedtak om finansiering i kommunestyret	10.12.2015
Anbudsutlysing	14.12.2015

Framdriftsplanen vert fortløpande revidert basert på ei overordna målsetjing om å ferdigstille prosjektet hausten 2016.

Vurdering og konklusjon:

Leikanger skule opplever ein vekst i elevtalet som skulen ikkje er dimensjonert for. Det er såleis behov for ei utbygging ved skulen, enten som ei modulløysing eller som eit tilbyggprosjekt.

Rådmannen rår til at ein jobbar vidare med eit tilbyggprosjekt og at formannskapet omdisponerer deler av allereie løyvde investeringsmidlar til prosjektet.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen særskilt konsekvens

Konsekvensar for beredskap:

Ingen særskilt konsekvens.

Konsekvensar for drift:

Ingen særskilt konsekvens

Fosnavåg, 25.09.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Robert Myklebust
Eigedomsleiar

Sakshandsamar: Robert Myklebust

Referatsaker

Referatsaker

Dragsundbygg IKS

Dragsundvegen 6
6080 Gurskøy

Til

Herøy kommune
Sande kommune
Vanylven kommune
Hareid kommune
Volda kommune

Ok.

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2012/1971	Saksbeh.
21 AUG. 2015	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
Ansvar	Dok.nr.
Kassasjon	

Saksnr.
08/2015

Dykkar ref

Sakshandsamar
AKL

Dato
19.08.2015

MELDING OM VEDTAK ENDRINGAR PÅ EIGARSIDA I DRAGSUNDBYGG IKS

Vi melder med dette frå at Representantskapet i Dragsundbygg IKS den 12.08.2015, hadde føre ovannemnde som sak 08/2015, der det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

Representantskapet i Dragsundbygg IKS slår fast at Herøy kommune vert eineeigar frå og med 09.09.2015 når oppseiingstida til Vanylven kommune har gått ut.


Representantskapet ber Herøy kommune om å førebu tilbakebetaling av netto eige, utan unødig opphald, til kommunane Volda, Hareid, Sande og Vanylven jmf. Selskapsavtalen § 13 Opphøyr/ Oppseiing av avtalen.

Dagleg leiar og styreleiar vert beden om å førebu oppløysing av Dragsundbygg IKS.

Saksutgreiinga ligg ved til orientering.

Protokoll frå representantskapsmøte i Dragsundbygg IKS den 12.08.2015, årsmelding for 2014 og rekneskap for 2014 ligg og ved til orientering.

Med helsing


Anne Kathrine Løberg
Dagleg leiar Dragsundbygg IKS

Vedlegg

Postadr.: 6080 Gurskøy
Telefon: 700 84 670

Gateadr.: Dragsundvegen 6
Mobilnr: 900 34 380

Org.nr. 985 842 574 mva
E-post: kontor@landbrukskontoret.no

SAKSFRAMLEGG

Møtedato: Sakshandsamar:

12.08.2015 Anne Kathrine Løberg

Sak 08/2015: Endringar på eigarsida i Dragsundbygg IKS

Samandrag av saka:

Kommunane Volda, Hareid, Sande og Vanylven har meldt seg ut av samarbeidet i Dragsundbygg IKS. Oppseiingstida på eit år har gått ut for Volda, Hareid og Sande. Vanylven kommune er pr. dato inne i si oppseiingstid.

Etter at Volda kommune melde seg ut av selskapet den 30.08.2012 sende styret brev til dei andre eigarkommunane og spurde om deira syn på deltakinga i selskapet. Hareid kommune vedtok å melde seg ut av selskapet den 07.03.2013. Sande kommune gjorde same vedtak den 25.03.2014 og Vanylven kommune den 09.09.2014. Herøy kommune er no att som einaste formelle eigarkommune i selskapet.

Styret har ikkje førebudd tilbakebetaling av netto eige (jmf. § 13 i selskapsavtalen) til dei utmelde kommunane grunna drøftingane i eigarkommunane om vidare deltaking i selskapet. Av same årsak har heller ikkje styret teke stilling til framtida for selskapet med omsyn til eigarbrøk eller oppløysing. Styret vurderte at sal av bygget kunne verte aktuelt og det vart tinga takst på bygget i juli 2013 frå ingeniør Ole Flaate. Bygget vart taksert til 6 millionar kroner. Styret har ikkje greia ut formalitetane rundt oppløysing av selskapet.

Eigardelane er slik fordelt:

Volda kommune	18,55 %
Hareid kommune	10,65 %
Sande kommune	5,86 %
Herøy kommune	56,26 %
Vanylven kommune	8,68 %

I saksutgreiingane til utmeldingssakene i kommunane har det vore gjennomgåande at kommunen reknar med at Herøy kommune tek over eigardelane og garantiansvaret. Det vart gjort då Ørsta og Ulstein kommune gjekk ut av selskapet i 2007/2008.

Dei økonomisk konsekvensane går fram av saksutgreiing i kommunane si handsaming av utmeldinga. Herøy kommune har så langt ikkje gitt uttrykk for sitt syn.

Kommune	Garantiansvar KLP i kroner	Garantiansvar Kommunekreditt i kroner	Utløysingssum i kroner
Volda	188.100	509.200	288.712
Hareid	403.700		166.640
Sande			130.000
Vanylven			190.000
Sum			775.352

Representantskapet må løyse situasjonen med at fire kommunar har meldt seg ut av Dragsundbygg IKS. Utfordringa er at Herøy kommune så langt ikkje har gitt uttrykk for sitt syn i forhold til å løyse inn eigardelen og ta over garantiansvaret frå dei fire utmelde kommunane.

Vert Herøy kommune verande att som eineieigar må selskapet Dragsundbygg IKS løysast opp.

Saksutgreiing:

Styret handsama brev frå Volda kommune om utmelding av Dragsundbygg IKS i sak 15/2012 den 19.09.2012.

Kommunestyret i Volda fatta fyljande vedtak i møte den 30.08.2012 PS 106/12:

- 1. I samsvar med § 13 i selskapsavtalen for Dragsundbygg IKS, jf. § 30 i lov om IKS, seier Volda kommune opp sin del av avtalen.*
- 2. Styret i selskapet vert bede om å førebu tilbakebetaling av netto eige til Volda kommune i samsvar med same § 13 i avtalen. Beløpet vert avsett i ubunde investeringsfond.*

I saksutgreiinga til vedtaket reknar rådmannen i Volda kommune med at Herøy kommune tek over Volda kommune sin eigardel og dermed garantiansvar. Det vart gjort då Ørsta og Ulstein kommunar gjekk ut av selskapet i 2007/08.

Styret i Dragsundbygg IKS gjorde slikt samrøystes vedtak i møte 19.09.2012:

Styret i Dragsundbygg IKS tek vedtaket i kommunestyret i Volda PS 106/12 til vitande. Styret gir styreleiar og dagleg leiar mynde til å sende brev til dei andre eigarkommunane i Dragsundbygg IKS og spørje om korleis dei ser på si deltaking i selskapet no når Volda trekkjer seg ut.

Brevet til eigarkommunane vart sendt 24.01.2013.

Hareid kommune sende melding om vedtak den 08.03.2013. Kommunestyret i Hareid fatta fyljande vedtak i møte den 07.03.2013 PS 20/13:

- 1. I samsvar med § 13 i selskapsavtalen for Dragsundbygg IKS, jr. § 30 i lov om IKS, seier Hareid kommune opp sin del av avtalen.*
- 2. Styret i selskapet vert bede om å førebu tilbakebetaling av netto eige til Hareid kommune i samsvar med same § 13 i avtalen. Beløpet vert avsett i ubunde investeringsfond.*

Sande kommune sende melding om vedtak den 28.02.2013. Formannsskapet i Sande kommune gir kommunestyret slik tilråding til vedtak i F-14/13 den 27.02.2013:

1. *I samsvar med § 13 i selskapsavtalen for Dragsundbygg IKS, jf. § 30 i lov om IKS, seier Sande kommune opp sin del av avtalen.*
2. *Styret i selskapet vert bede om å førebu tilbakebetaling av netto eige til Sande kommune i samsvar med § 13 i avtalen. Beløpet vert sett av i ubunde fond.*

Sande kommune orienterte i brev datert 04.04.2013 om at handsaming av saka ville trekke ut i tid. Dei ynskte ei orientering frå Dragsundbygg IKS.

Vanylven kommune sende melding om vedtak den 05.02.2013. Kommunestyret i Vanylven kommune handsama spørsmålet i sak 08/2013 den 05.02.2013. Vedtak i saka:

Vanylven kommune vel på noverande tidspunkt ikkje å selje seg ut av Dragsundbygg IKS.

Styret handsama svara frå kommunane i sak 07/2013 den 10.06.2013. Styret i Dragsundbygg IKS gjorde slikt samrøystes vedtak:

Styret i Dragsundbygg IKS tek svara frå kommunane til vitande. Styret ber om at representantskapet gir ei uttale i saka.

Sande kommune sende melding om vedtak den 27.03.2014. Kommunestyret i Sande fatta fyljande vedtak i møte den 25.03.2014 i sak K 13/14:

1. *I samsvar med § 13 i selskapsavtalen for Dragsundbygg IKS, jf. § 30 i lov om IKS, seier Sande kommune opp sin del av avtalen.*
2. *Styret i selskapet vert bede om å førebu tilbakebetaling av netto eige til Sande kommune i samsvar med § 13 i avtalen. Beløpet vert sett av i ubunde fond.*

Styret handsama svara frå kommunane i sak 06/2014 den 04.08.2014. Styret i Dragsundbygg IKS gjorde slikt samrøystes vedtak:

Styret i Dragsundbygg IKS tek svara frå Sande kommune til vitande. Styret ber om at representantskapet gir ei uttale i saka.

Representantskapet handsama utmeldingane i møte den 10.08.2014 og gjorde slikt samrøystes vedtak i sak 10/2014:

Representantskapet tek utmeldingane frå Volda kommune, Hareid kommune og Sande kommune til vitande, og ber Herøy kommune og Vanylven kommune kome fram til endeleg fordelingsnøkkel på overtaking av oppsagde eigardelar.

Vanylven kommune sende melding om vedtak den 15.09.2014. Kommunestyret i Vanylven fatta fyljande vedtak i møte den 09.09.2014 i sak 56/2014:

1. *I samsvar med § 13 i selskapsavtalen for Dragsundbygg IKS, jf. § 30 i lov om IKS, seier Vanylven kommune opp sin del av avtalen.*
2. *Styret i selskapet vert bede om å førebu tilbakebetaling av netto eige til Vanylven kommune i samsvar med § 13 i avtalen.*
3. *Inntekta frå salet vert tillagt kapitalfondet.*

Styret handsama svara frå Vanylven kommune i sak 07/2015 den 24.06.2015. Styret i Dragsundbygg IKS gjorde slikt samrøystes vedtak:

Styret i Dragsundbygg IKS tek svaret frå Vanylven kommune til vitande. Styret ber om at representantskapet gir ei uttale i saka.

Utrykte vedlegg.

Vedlegg til sak 10/2014 i representantskapsmøte den 10.08.2014.

1. Melding om vedtak frå Volda kommune datert 03.09.2012
2. Brev til eigarkommunane datert 24.01.2013.
3. Melding om vedtak frå Hareid kommune datert 08.03.2013
4. Melding om vedtak frå Sande kommune datert 28.02.2013
5. Brev frå Sande kommune om vidare deltaking datert 04.04.2013
6. Melding om vedtak frå Vanylven kommune datert 05.02.2013
7. Melding om vedtak frå Sande kommune datert 27.03.2014
8. Verditakst utført av ingeniør Ole Flaate datert 10.07.2013

Trykte vedlegg:

- Melding om vedtak frå Vanylven kommune den 15.09.2014

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding til vedtak.

Møteprotokoll frå Representantskapsmøte i Dragsundbygg IKS

Dato: 12.08.2015

Tid: Kl. 14.05 – 15.15

Stad: Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Faste medlemmer som møtte:

Leiar Arnulf Goksøyr, Herøy kommune

Anders Riise, Hareid kommune

Dag Vaagen, Sande kommune

Randulf Lillebø, Vanylven kommune

Forfall:

Styreleiar Henry Jøsokbakke

Ikkje møtt:

Ivar Otto Kristiansen, Volda kommune

Sak 01/2015: Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Representantskapet i Dragsundbygg IKS godkjenner innkalling og sakliste.

Stemmegjeving: Samrøystes

Sak 02/2015: Godkjenning av møteprotokoll frå 11.08.2014

Vedtak: Representantskapet i Dragsundbygg IKS godkjenner møteprotokoll frå 11.08.2014.

Stemmegjeving: Samrøystes

Sak 03/2015: Årsmelding for 2014

Leiar presiserte og at drifta av selskapet vert utfordrande viss ikkje avtalen med Mattilsynet vert forlenga.

Vedtak: Representantskapet i Dragsundbygg IKS godkjenner årsmelding 2014 for Dragsundbygg IKS med den endringa som kom fram i møtet.

Stemmegjeving: Samrøystes

Sak 04/2015: Rekneskap for 2014

Vedtak: Representantskapet i Dragsundbygg IKS godkjenner rekneskapen for 2014. Mindreforbruket på kr. 84.642,- overførast til disposisjonsfondet.

Stemmegjeving: Samrøystes.

Sak 05/2015 Revisjonsmelding for 2015

Vedtak: Representantskapet i Dragsundbygg IKS tek revisjonsmelding for 2014 til vitande.

Stemmegjeving: Samrøystes.

Sak 06/2015: Budsjett for 2015

Vedtak: Representantskapet i Dragsundbygg IKS godkjenner det framlagde budsjett for 2015. Budsjettet går i balanse og syner ei omsetning på kr. 757.714,-. Årets rekneskapsmessige overskot vert overført til disposisjonsfondet etter avslutting av rekneskapsåret.

Stemmegjeving: Samrøystes.

Sak 07/2015: Leigeavtalar i Dragsundbygg IKS

Vedtak: Representantskapet i Dragsundbygg IKS tek til vitande at oppseiingstida for Mattilsynet i Dragsund er langa til og med 31.12.2016.

Stemmegjeving: Samrøystes.

Sak 08/2015: Endringar på eigarsida i Dragsundbygg IKS

Saka vart lagt fram utan tilråding til vedtak.
Det vart utforma felles framlegg til vedtak i møtet.


Vedtak: Representantskapet i Dragsundbygg IKS slår fast at Herøy kommune vert eineeigar frå og med 09.09.2015 når oppseiingstida til Vanylven kommune har gått ut.

Representantskapet ber Herøy kommune om å førebu tilbakebetaling av netto eige, utan unødig opphald, til kommunane Volda, Hareid, Sande og Vanylven jmf. Selskapsavtalen § 13 Oppphøyr/ Oppseiing av avtalen.

Dagleg leiar og styreleiar vert beden om å førebu oppløysing av Dragsundbygg IKS.


Stemmegjeving: Samrøystes.

Dragsund
12.08.2015


Anne Kathrine Løberg


Arnulf Goksøyr


Dag Vaagen


Anders Riise


Randulf Lillebø

ÅRSMELDING 2014 FOR DRAGSUNDBYGG IKS

Innleiing

Dragsundbygg IKS er eit interkommunalt selskap som vart stifta for å sikre bygningen som var eigd av Næringsmiddeltilsynet for Søre Sunnmøre fram til nyttår 2004.

Selskapet vart stifta 1.7.2003 og har som formål: - *å eige og forvalte næringsbygget med innbu og lausøyre, tidlegare eigd av Næringsmiddeltilsynet for Søre Sunnmøre, samt å drive utleigeverksemd i dette bygget. Selskapet kan også ta på seg andre oppgåver som deltakarkommunane vert samde om.*

Leigetakarar

Leigetakarar i bygget er Kystlab AS avdeling Sunnmøre og Mattilsynet sitt distriktskontor på Sunnmøre.

Mattilsynet sa opp si leigeavtale i brev datert 24.06.2014. I fylje avtalen er oppseiingstida 1 år. Mattilsynet fekk løyve til å utsette tidspunktet for verknad av oppseiing til 31.12.2015. Representantskapet bad styret gå i dialog med Mattilsynet om å halde fram med leige før ein eventuelt arbeidde med å finne ein ny leigetakar.

Representantskapet

Dei 5 eigarkommunane har eit medlem med personleg vara i representantskapet. Kommunane vel sjølv medlemmer i representantskapet. Representantskapet vel sjølv sin leiar og nestleiar.

Representantskapet for perioden 2011 - 2015:

Hareid:	Anders Riise	Vara:	Dag Audun Eliassen
Herøy:	Arnulf Goksøyr (leiar)	Vara:	Reidun Myrvågnes
Sande:	Dag Vaagen	Vara:	Helge Støylen
Vanylven:	Randulf Lillebø	Vara:	Ronny Andre Løvoll
Volda:	Ivar Otto Kristiansen	Vara:	Jørgen Amdam

Representantskapet holt møte den 11.08.

Styret

Dei 5 eigarkommunane har eit medlem med personleg vara i styret. Kommunane vel sjølv medlemmer i styret. Styret konstituerer seg sjølv. Styret valde Henry Jøsokbakke til leiar og Hild Våge til nestleiar for 4 år i styremøte den 18.04.2012. Etter kommunevalet 2011 oppfyller styret kravet til kjønnsbalanse.

Styret etter kommunevalet hausten 2011:

Hareid:	Alice Strømmegjerde	Vara:	Truls Røyset Håbakk
Herøy:	Henry Jøsokbakke	Vara:	Olaug Andreassen
Sande:	Bjørn Flatøy	Vara:	Kari Grønnevik
Vanylven:	Nils Olav Moen	Vara:	Jan Helgøy
Volda:	Hild Våge	Vara:	Ole Martin Velsvik

Det har vore 1 styremøte i løpet av året. Møtet vart halde den 04.08.

Styret sin oppgåver

Styret har ansvar for tilfredsstillande organisering av selskapet si verksemd og skal sjå til at verksemda vert driven i samsvar med selskapet sitt formål, vedtektene, årsbudsjett og andre vedtak og retningslinjer fastsett av representantskapen. Styret skal og syte for at bokføring og formuesforvaltning skjer på ein trygg måte. Styret fører tilsyn med dagleg leiar si leiing av verksemda. Styret gjer vedtak om å ta opp eventuelle lån innfor ei ramme fastsett i årsbudsjettet.

Utbetringar og anna

Det er utført mindre naudsynte vedlikehald i bygget. Brøyteavtalene med Karl Anton Voldnes held fram også neste vinter.

Dagleg leiar

Søre Sunnmøre Landbrukskontor har avtale om å stå for den daglege leiinga i Dragsundbygg IKS. Landbrukssjef Anne Kathrine Løberg er dagleg leiar i selskapet og rekneskapsavdelinga i Herøy kommune fører rekneskapen.

Endring i eigarskapen

Dragsundbygg IKS er eit interkommunalt selskap som fram til 2013 har vore eigd av kommunane Hareid, Herøy, Sande, Vanylven og Volda. Etter Volda kommune si utmelding av Dragsundbygg IKS i 2012 vart det sendt brev til dei andre eigarkommunane om korleis dei såg på vidare deltaking i selskapet. I løpet av 2013 fatta Hareid kommune vedtak om å trekkje seg ut av selskapet. I 2014 vedtok kommunane Sande og Vanylven og å trekke seg ut av samarbeidet. Herøy kommune har varsla at dei held fram med sitt eigarskap.

Styret og representantskap fekk orientering om Sande kommune si oppseiing av selskapsavtalen i sine møte. Kommunestyret i Sande kommune fatta vedtaket i sak K-13/14 den 25.03.2014. Representantskapet bad Herøy kommune og Vanylven kommune kome fram til endeleg fordelingsnøkkel på overtaking av dei oppsagde eigardelane. Den 15.09 sende Vanylven kommune melding om oppseiing av selskapsavtalen. Kommunestyret fatta vedtak i sak 56/2014 den 09.09.2014.

Økonomi

Eigardelar: Fordelingsnøkkel var tidlegare utrekna prosentvis etter innbyggjartal pr. 01.01.2003. Etter at Herøy kommune har betalt ut Ørsta og Ulstein kommune har selskapet følgjande prosentvise fordeling:

Hareid kommune:	10,65 %
Sande kommune:	5,86 %
Volda kommune:	18,55 %
Herøy kommune:	56,26 %
Vanylven kommune:	8,68 %

Inntektene til selskapet er frå leigeinntekter på bygget. Leigeavtalene vert indeksregulert kvart år. Rekneskapen for 2014 syner eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 84 642,-.

Sum driftsinntekter	kr. 618 148,-
<u>Sum driftsutgifter</u>	<u>kr. 346 658,-</u>
Brutto driftsresultat	kr. 271 491,-
Sum eksterne finansinntekter	kr. 954,-
<u>Sum eksterne finansutgifter</u>	<u>kr.- 317 769,-</u>
Resultat eksterne finanstransaksjonar	kr.- 316 815,-
Brutto driftsresultat	kr. 271 491,-
Resultat eksterne finanstransaksjonar	kr.-316 815,-
<u>Motpost avskrivningar</u>	<u>kr. 129 966,-</u>
Netto driftsresultat	kr. 84 642,-
Sum bruk av avsettingar	kr. 46 108,-
<u>Sum avsettingar</u>	<u>kr. - 46 108,-</u>
Driftsmesse meir/-mindreforbruk	kr. 0,-
Sum rekneskapsmesse meir/-mindreforbruk	kr. 84 642,-

Postar i rekneskapen som syner mindreforbruk skuldast at det har vore færre møte i styret enn budsjettert. I tillegg har forsikringspremien vorte lågare. Renteutgifter på lån har og vore lågare enn forventa. Husleigeinntektene er noko høgare enn budsjettert då budsjettert husleige vert stipulert før parametrane for utrekning av husleiga er kjend.

Postane i rekneskapen som syner meirforbruk skuldast utbetring av lekkasje på taket, reparasjonar på det elektriske anlegget og vedlikehald på ventilasjonsanlegget.


Drift av selskapet

Situasjonen med oppseiing av leigeavtalen frå Mattilsynet gjer at inntektssida vert utfordrande etter 2015 viss ein avtalen vert forlenga. Arbeidet med å eventuell finne ny leigetakar må ha høg prioritet.

Endringane i eigarsituasjonen må få ei avklaring i løpet av 2015.

Drifta av selskapet forureinar ikkje det yrt miljøet.

Dragsund den 28.05.2015


Anne Kathrine Løberg
dagleg leiar


Henry Jøsockbakke
styreleiar

Dragsundbygg iks

Rekneskap for år 2014

Innholdsliste:

Vedlegg 1: Oversikt balanse

Vedlegg 2: Detaljer balanse

Vedlegg 3: Oversikt drift

Vedlegg 4: Detaljer drift

Vedlegg 5: Notar

Vedlegg 6: Revisjonsmelding

Fosnavåg, 31.12.2014 / 16.06.2015


Anne Kathrine Løberg


Merethe Grunnan

Vedlegg 1

Oversikt balanse

Rekneskap 2014

Balanseregnskapet

Tall i 1 kroner

Note Regnskap 2014 Regnskap 2013

EIENDELER

ANLEGGSMIDLER

Faste eiendommer og anlegg	5 170 934	5 300 900
Utstyr, maskiner og transportmidler	0	0
Utlån	0	0
Aksjer og andeler	0	0
Pensjonsmidler	0	0
Sum anleggsmidler	5 170 934	5 300 900

OMLØPSMIDLER

Kortsiktige fordringer	0	0
Premieavvik	0	0
Aksjer og andeler	0	0
Sertifikater	0	0
Obligasjoner	0	0
Kasse, postgiro, bankinnskudd	469 403	376 868
Sum omløpsmidler	469 403	376 868

Sum eiendeler	5 640 337	5 677 768
----------------------	------------------	------------------

EGENKAPITAL OG GJELD

EGENKAPITAL

Disposisjonsfond	-287 035	-240 927
Bundne driftsfond	0	0
Ubundne investeringsfond	0	0
Bundne investeringsfond	0	0
Endring i regnskapsprinsipp investering	0	0
Endring i regnskapsprinsipp drift	0	0
Regnskapsmessig mindreforbruk	-84 642	-46 108
Regnskapsmessig merforbruk	0	0
Udisponert i investeringsregnskapet	0	0
Udekket i investeringsregnskapet	0	0
Likviditetsreserve	0	0
Kapitalkonto	-2 165 928	-2 074 228
Sum egenkapital	-2 537 604	-2 361 263

GJELD

LANGSIKTIG GJELD

Pensjonsforpliktelser	0	0
Ihendehaverobligasjonslån	0	0
Sertifikatlån	0	0
Andre lån	-3 005 006	-3 226 672
Sum langsiktig gjeld	-3 005 006	-3 226 672

KORTSIKTIG GJELD

Kassekredittlån	0	0
Annen kortsiktig gjeld	-89 489	-82 675
Premieavvik	0	0
Sum kortsiktig gjeld	-89 489	-82 675

Sum egenkapital og gjeld	-5 632 099	-5 670 610
---------------------------------	-------------------	-------------------

Ubrukte lånemidler	0	0
Andre memoriakonti	0	0
Motkonto for memoriakontiene	0	0
Sum memoriakonti	0	0

Vedlegg 2

Detaljer balanse

Rekneskap 2014

T	BA	eriod	Konto	Konto (T)	Dim1	Dim2	AV	Tekst	Beløp
			21020100	3910.23.04121 Sbm.Møre folio					469 358,40
			21098100	3910.23.04164 Sbm.Møre skattetrekk					45,00
			21314010	Inngående mva, 11,1 (25%)					0,00
			21375100	Kundereskontro					0,00
			22700100	Laboratoriebygg					5 170 933,69
			23220102	Kortsiktig gjeld banker diverse					-12 396,00
			23299740	Kortsiktig gjeld andre, interimskont					-5 428,74
			23314000	Skattesjefen oppgj.mva 11,1					-8 238,00
			23314010	Utgående mva 11,1 (25%)					0,00
			23414100	Forskotstrekk skatt					-3 465,00
			23414300	Arbeidsgjevaravgift					-1 219,00
			23499000	Interimskonto for utbet.løn					-8 035,00
			23499501	Leverandøreskonto					-58 945,00
			24631100	Lån - Kommunekreditt, 10339					-2 345 006,00
			24641101	Lån - KLP					-660 000,00
			25600100	Disposisjonsfond					-237 034,83
			25600101	Ubunde fond til vedlikehald					-50 000,00
			25950590	Rekneskapsmessig overskot					-84 641,83
			25990100	Kapitalkonto					-2 165 927,69
									0,00

Vedlegg 3

Oversikt drift

Rekneskap 2014

Økonomisk oversikt - Drift

Tall i 1 kroner	Note	Regnskap 2014	Regulert budsjett 2014	Opprinnelig budsjett 2014	Regnskap 2013
DRIFTSINNTEKTER					
Brukerbetalinger		0	0	0	0
Andre salgs- og leieinntekter		-618 148	-609 797	-609 797	-609 797
Overføringer med krav til motytelse		0	0	0	0
Rammetilskudd		0	0	0	0
Andre statlige overføringer		0	0	0	0
Andre overføringer		0	0	0	0
Inntekts- og formuesskatt		0	0	0	0
Eiendomsskatt verk og bruk		0	0	0	0
Eiendomsskatt annen fast eiendom		0	0	0	0
Andre direkte og indirekte skatter		0	0	0	0
Sum driftsinntekter		-618 148	-609 797	-609 797	-609 797
DRIFTSUTGIFTER					
Lønnsutgifter		11 500	22 500	22 500	13 500
Sosiale utgifter		1 219	2 500	2 500	1 431
Kjøp av varer og tjen. som inngår i komm. tjenesteprod.		148 971	177 000	177 000	161 245
Kjøp av tjenester som erstatter kommunens tjenesteprod.		55 000	0	0	55 000
Overføringer		2	0	0	-3
Avskrivninger		129 966	129 966	129 966	129 966
Fordeelte utgifter		0	0	0	0
Sum driftsutgifter		346 658	331 966	331 966	361 139
Brutto driftsresultat		-271 491	-277 831	-277 831	-248 658
EKSTERNE FINANSINNTEKTER					
Renteinntekter og utbytte		-954	-500	-500	-795
Gevinst finansielle instrumenter		0	0	0	0
Mottatte avdrag på lån		0	0	0	0
Sum eksterne finansinntekter		-954	-500	-500	-795
EKSTERNE FINANSUTGIFTER					
Renteutgifter og låneomkostninger		96 103	131 000	131 000	111 645
Tap finansielle instrumenter		0	0	0	0
Avdrag på lån		221 666	221 666	221 666	221 666
Utlån		0	0	0	0
Sum eksterne finansutgifter		317 769	352 666	352 666	333 311
Resultat eksterne finanstransaksjoner		316 815	352 166	352 166	332 516
Motpost avskrivninger		-129 966	-129 966	-129 966	-129 966
Netto driftsresultat		-84 642	-55 631	-55 631	-46 108
BRUK AV AVSETNINGER					
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk		-46 108	0	0	-118 866
Bruk av disposisjonsfond		0	0	0	0
Bruk av bundne fond		0	0	0	0
Bruk av likviditetsreserven		0	0	0	0
Sum bruk av avsetninger		-46 108	0	0	-118 866
AVSETNINGER					
Overført til investeringsregnskapet		0	0	0	0
Avsatt til dekning av tidligere års r.messige merforbruk		0	0	0	0
Avsatt til disposisjonsfond		46 108	0	0	118 866
Avsatt til bundne fond		0	0	0	0
Avsatt til likviditetsreserven		0	0	0	0
Sum avsetninger		46 108	0	0	118 866
Regnskapsmessig mer-/mindreforbruk		-84 642	-55 631	-55 631	-46 108

Vedlegg 4

Detaljer drift

Rekneskap 2014

Konto	Konto(T)	Beløp	Budsjett vedtatt
10801	Møtegodtgjersle	11 500,00	22 500,00
10990	Arbeidsgiveravgift	1 219,00	2 500,00
11151	Servering møter, kurs, representasjon	0,00	500,00
11208	Diverse utgifter	1 641,64	0,00
11302	Banktenester og gebyrer	474,00	500,00
11501	Opphaldsutgifter kurs	0,00	3 000,00
11600	Reiseutgifter, oppgavepliktige	0,00	2 000,00
11703	Reiseutgifter, ikkje oppgavepliktige	0,00	1 000,00
11850	Forsikring	18 262,00	32 000,00
11950	Avgifter på eigedom	40 965,27	40 000,00
12300	Vedlikehold og byggtjenester	15 650,09	0,00
12400	Serviceavtaler og reparasjoner	45 637,86	15 000,00
12700	Konsulenttenester	26 339,95	28 000,00
13500	Kjøp frå kommuner	55 000,00	55 000,00
14702	Div. øre/kroneavrund, -øre/kronebalanse	1,76	0,00
15000	Renteutgifter	96 103,00	130 000,00
15001	Morarenter	0,00	1 000,00
15100	Avdrag på lån	221 666,00	221 666,00
15400	Avsetning til disposisjonsfond	46 108,33	0,00
15800	Årets rekneskapsmessige overskot	84 641,83	55 631,00
15900	Avskrivningar	129 966,00	129 966,00
16300	Husleigeinntekter, avgiftsfrie	-397 054,00	-392 252,00
16500	Husleigeinntekter, avgiftspliktige	-221 094,40	-217 545,00
19000	Renteinntekter	-954,00	-500,00
19300	Disponering av rekneskapsmessig overskot	-46 108,33	0,00
19900	Motpost avskrivninger	-129 966,00	-129 966,00
		0,00	0,00

Vedlegg 5

Notar

Rekneskap 2014

NOTE 4 Godtgjersler/honorar

Revisjonshonorar

3.945,-

Rekneskapshonorar

25.000,-28.945,-**NOTE 5 Eigardelar.**

Prosentvis fordeling slik:

Herøy kommune: 56,26%

Hareid kommune: 10,65%

Volda kommune: 18,55%

Sande kommune: 5,86%

Vanylven kommune: 8,68%

Fosnavåg, 15.02.2015

Merethe Grunna

Merethe Grunna

Vedlegg 6

Revisjonsmelding

Rekneskap 2014

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Til Dragsundbygg IKS

6080 GURSKØY

REVISJONSUTTALE 2014

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Dragsundbygg IKS for 2014.

Årsrekneskapen består av driftsrekneskap og balanse pr 31.12.2014, samt notar som beskriv nytta rekneskapsprinsipp og andre relevante opplysingar.

Årsrekneskapen viser eit netto driftsresultat på kr. 84.641,83 og eit rekneskapsmessig mindreforbuk på kr 84.641,83

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk. Styret og dagleg leiar har og ansvar for intern kontroll som gjer det muleg å utarbeide eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av mislegheiter eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gi ein uttale om årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå nødvendig tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Revisjon inneber gjennomføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløp og opplysningar i årsrekneskapen. Dei valte handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurdering av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, enten det har si årsak i mislegheiter eller feil. Ved ein slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet sin utarbeiding av eit årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Revisjonen omfattar og ei vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsippa er hensiktsmessige og om rekneskapsestimata som er utarbeida av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Revisjon

Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Uttale om andre forhold

Budsjettkontroll:


Basert på vår revisjon av rekneskapen som skildra ovanfor, meiner vi at regulert budsjett er i samsvar med budsjettvedtak jfr sak representantskapssak 09/14, men må presisere at budsjettvedtaket er i strid med budsjett og rekneskapsforskriftene ved budsjettet i ubalanse, då det ikkje er tillate å budsjettere med overskot utan at det ligg føre vedtak om disponeringa av overskotet.

Konklusjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som skildra ovanfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i hht attestasjonsstandard ISAE 3000, meiner vi leinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av Dragsundbygg IKS sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapsskikk i Norge.

Med unntak av det som er presisert i høve budsjettkontroll, er etter vår meining årsrekneskapen avgitt i samsvar med lov og forskrifter, og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Dragsundbygg IKS pr 31. desember 2014, og av resultatet for rekneskapsåret pr. denne dato som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

Ulsteinvik/Herøy 21.mai 2015


Bodill Skeide

Reg. revisor

SØRE SUNNMØRE
KOMMUNEREVISJON IKS

Revisjon

Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta